

Utval: Fylkestinget
Møtestad: Terminus Hall, Grand hotel Terminus, Bergen
Dato: 06.03.2018
Tidspunkt: 11:00-16:10
 09:00-16:50

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer	
Anne Gine Hestetun	Fylkesordførar	A	Møtte heile 06.03. og 07.03. frå kl 13:20
Siri Klokkestuen	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A	
Atle Kvåle	Medlem	A	
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Medlem	A	
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Helge Nævdal	Medlem	A	
Synnøve Solbakken	Medlem	A	
Espen Berntsen	Medlem	A	
Roald Kvamme	Medlem	A	
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Åse Gunn Husebø	Medlem	A	
Kjell Gitton Håland	Medlem	A	
Gunn Berit Lunde Aarvik	Medlem	A	
Gro Berge	Medlem	A	
Roald Stenseide	Medlem	FRP	
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP	
Gustav Bahus	Medlem	FRP	07.03 til kl 15:10
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP	
Rosalind Fosse	Medlem	FRP	
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	07.03 til kl 12:05
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Ragnhild Fagerbakke	Medlem	H	
Nils Marton Aadland	Medlem	H	
Iiril Schau Johansen	Medlem	H	
Svein Halleraker	Medlem	H	07.03 til kl 15:10
Dan Stian Femoen	Medlem	H	06.03. til kl 15:50
May Eva Sandvik	Medlem	H	
Olav Kvinge	Medlem	H	
John Helge Gullaksen	Medlem	H	
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KRF	
Pål Kårbø	Fylkesvaraordførar	KRF	07.03 til kl 15:50
Beate Husa	Medlem	KRF	
Tor André Ljosland	Medlem	KRF	
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG	
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG	
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG	

Benthe Bondhus	Medlem	SP	
Jon Askeland	Medlem	SP	Møtte 07.03.
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	SP	
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Marthe Hammer	Medlem	SV	
Daniel Charles Hextall	Medlem	SV	07.03 til kl 16:25
Anne Beth Njærheim	Medlem	V	
Geir Angeltveit	Medlem	V	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Reprenter
Terje Kollbotn	Medlem	R
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Kjetil Hestad	Medlem	A
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A
Geir Kjell Andersland	Medlem	V

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Reprenter	
Torgeir Toppe	Kjetil Hestad	A	
Christoffer Thomsen	Gunnar Bakke	FRP	
Arild Borgen	Terje Kollbotn	R	
Kari Foseid Aakre	Linda Haugland Jondahl	A	
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Jon Askeland	SP	06.03. til kl 15:50
Elizabeth Toft Erichsen	Geir Kjell Andersland	V	Møtte heile 06.03. og 07.03 til kl 12:05
Torstein Gunnarson	Geir Kjell Andersland	V	07.03 frå kl 12:05
Christer Lilleskare Olsen	Mona Røsvik Strømme	H	07.03 frå kl 12:05
Øyvind Hardeland	Anne Gine Hestetun	A	07.03. til kl 13:20

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Jostein Fjærestad	Eigedomsdirektør
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent fylkessekretariatet
Ørjan Kinsarvik	Rådgjevar lokasjonsdrift, IT-seksjonen
Bjarte Brask Eriksen	Seniorrådgjevar kommunikasjonsrådgjeving
Ingeborg Strandberg	Rådgjevar fylkessekretariatet

Anne Gine Hestetun

Underskrift
Øyvind Strømmen

Underskrift
Marte Hammer

Ingeborg Strandberg
sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/18	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 2/18	Opning av fylkestinget		
PS 3/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/18	Notat om forvaltningsrevisjoner i NDLA	2015/2073	
RS 2/18	Spørsmål om seksuell trakassering i MU2018	2018/7593	
RS 3/18	Uttale frå Husnes Vekst vedrørende betring av kommunikasjonstilhøva mellom Stord og Kvinnherad	2017/17672	
RS 4/18	Årsmelding 2017 for Fylkeseldrerådet i Hordaland	2017/2682	
RS 5/18	Tillegg til sak - Produksjonsskule og fylkeskommunal aktivitet på Hjeltnes	2016/4130	
PS 4/18	Interpellasjonar/spørsmål		
PS 5/18	Ymse		
PS 6/18	Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt - Revisjonsrapport	2016/11221	
PS 7/18	Fylkesrådmannen orienterer om prosjektrekneskap - Fylkesvegar	2016/11221	
PS 8/18	Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del2" - Revisjonsrapport	2016/1940	
PS 9/18	Finansforvaltninga i 2017	2014/927	
PS 10/18	Sandsli vgs - Ombygging	2018/211	
PS 11/18	Sal av Lønborg vgs - Hellebakken 35 i Bergen	2014/11816	
PS 12/18	Nytt fylkeshus - kontorkonsept og lokalisering	2018/6103	
PS 13/18	Bompengereforma - overføring av garantiar til Ferde AS	2018/7385	
PS 14/18	Eigedom på Fløksand i Meland kommune - godkjenning av salsvilkår	2014/17256	
PS 15/18	Vurdering av framtidig behov for produksjonsskular	2016/6854	
PS 16/18	Ny tilskotsordning for fagskulesektoren 2018	2017/16584	
PS 17/18	Produksjonsskule og fylkeskommunal aktivitet på Hjeltnes	2016/4130	
PS 18/18	Oppdragsverksemd - organisering av ekstern kursverksemd	2017/16384	
PS 19/18	Innbyggjarinitiativ Kråkenes - omgjering av kantstopp for buss til lomme	2017/16330	
PS 20/18	Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022	2017/14135	
PS 21/18	Framlegg til ny IT-strategi for Hordaland fylkeskommune 2018-2020	2018/3423	
PS 22/18	Vedtektsendringer for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval	2014/559	
PS 23/18	Reglement for mottak og registrering av gåver og andre fordelar for folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune	2014/12509	

PS 24/18	Ad. søknad om fratredelse av politiske verv i Hordaland fylkeskomme grunna flytting	2017/732
PS 25/18	Søknad om fritak frå fylkeskommunale verv	2015/8173
PS 26/18	Administrasjonsutvalet - søknad om fritak/val av varamedlem	2017/732
PS 27/18	Ad. Søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune vår 2018	2017/732
PS 28/18	Oppnemning av medlem til representantskapet for Nasjonal digital læringsarena (NDLA)	2017/3492
PS 29/18	Plassering av bomstasjonar i Bergen sentrum	2017/3552

PS 1/18 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkestinget - 06.03.2018

Anne Gine Hestetun, A, føreslo at PS 6 og 8/18 vert behandla på dag 2 i fylkestinget, etter at Deloitte har orientert om forvaltningsrevisjonane for dei to sakene. PS 12/18 vert handsama etter lunsj dag 1, etter presentasjon i samband med saka.

Benthe Bondhus, Sp, føreslo at PS 18/18 vert behandla i samband med PS 6 og 8/18.

Aud Karin Oen, SV, bad om at interpellasjonar vert lagt tilgjengeleg på ePolitiker så snart fristen er gått ut, fire dagar før tingsetet. **Dan Stian Femoen, H**, bad om at interpellasjonar og spørsmål vert publisert offentleg. Fylkesordføraren vil syte for at dette vert gjort.

Vedtak

Innkallinga vart godkjend.

Sakslista vert godkjend med merknadane ovanfor.

PS 2/18 Opning av fylkestinget

Saksprotokoll i fylkestinget - 06.03.2018

Fylkesordføraren opna møtet.

Til å skrive under møteboka saman med fylkesordføraren vart Øyvind Strømmen, MDG, og Marte Hammer, SV, valde.

Fylkesordføraren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføraren og dei som vart oppnemnde til å skrive under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Det var kulturinnslag v/Hordaland Teater og utdrag av oppsetninga «Heim». Teatersjef Solrun Toft Iversen introduserte stykket og skodespelarane Sigrid Moldestad og Sigurd Sæle.

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.

Fylkesrådmannen heldt sin tale.

Etter talane var det ordskifte. 13 representantar hadde ordet.

Aud Karin Oen, SV, opplyste om at det vil verta lagt fram eit forslag til fråsegn om: «Den afganske familien som blei pågrepane 23. februar av politiet på Fitjar».

PS 3/18 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

RS 1-5/18 vart refererte.

PS 4/18 Interpellasjonar/spørsmål

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

INTERPELLASJONAR

1. **Marthe Hammer, SV**, hadde sendt inn slik interpellasjon:

«Utvidet trepartssamarbeid

Trepartssamarbeid er en betegnelse på samarbeid mellom organisasjoner som representerer arbeidsgivere og arbeidstakere (partene) og staten, den norske modellen.

Den norske modellen er av The Economist blir trukket frem som den nye supermodellen, som andre land bør se opp til. En modell der vi har skapt et egalitært samfunn med velferd og helsetilbud til alle, med lav ledighet, likestilling og økonomisk stabilitet. Den tar utgangspunkt i hovedavtalen som ble forhandlet fram av Nygaardsvoldsregjeringen i 1935 og er en arv vi må ta vare på.

Det industrialiserte Norge med økende inntekter klarte gjennom trepartssamarbeidet å sikre økonomisk utjevning i en tid der mange andre land kraftig økte sine forskjeller. Trepartssamarbeidet har nettopp vært et suksessamarbeid for utjevning og fordeling, i møte med en av verdens største utfordringer, økende ulikhet.

Verden står imidlertid ovenfor nok en stor global utfordring, klimakrisen. Vi som samfunn vil bli målt på hvor godt vi klare å handtere vår tids største utfordring.

Selv om samarbeidet i sin tid ble etablert for i hovedsak arbeidslivsspørsmål og økonomisk politikk, så har man i Hordaland brukt modellen som viktigste premissleverandør for samferdselsprioriteringer.

Samarbeidet har vært oppe til diskusjon flere ganger siste året. Den siste måneden har imidlertid fylkesordføreren orientert MISA og fylkesutvalget om at samarbeidet mellom LO, NHO og HFK er etablert igjen innen samferdsel.

Samferdselsprioriteringer er derimot et spørsmål som angår langt flere enn bare partene i arbeidslivet. Transportsektoren vet vi er en av de største kildene for norske klimagassutslipp. Derfor bør prioriteringer innen samferdsel inkludere også andre viktige interesseorganisasjoner, slik som miljøorganisasjonene.

Spørsmål til fylkesordføreren:

1. Vil fylkesordføreren ta initiativ til et utvidet trepartssamarbeid der viktige interesseorganisasjoner, som miljøorganisasjonene blir invitert med inn i arbeidet med prioriteringer av samferdsel, f.eks. NTP.

Fylkesordføreren svarte slik:

«Trepartssamarbeidet, eller den norske modellen, tek utgangspunkt i hovudavtalen forhandla fram av Nygaardsvoldregjeringa i 1935. Dette er ein modell som har prega utviklinga av samfunnet vårt og kva slags arbeidsliv vi har i Noreg i dag. Nøkkelordet for kvifor denne modellen har fremma suksesshistoriar handlar om dialog mellom dei viktege partane i arbeidslivet og korleis dei samhandlar med kvarandre.

Klimakrisa er ein av dei største utfordringane vi står ovanfor, og det er viktig at alle aktørar har problemstillingar rundt global oppvarming og klima i bakhovudet i alt dei gjer. Når det er sagt, er det norske trepartssamarbeidet historisk betinga med at det nettopp gjelder dei tre viktigaste aktørane i norsk arbeidsliv. Dette er ein balanse mellom aktørar, makt og kva rolle dei har ovanfor kvarandre. Denne balansen kan vi ikkje rokke med. Det er ikkje naturleg å opne opp for at miljøorganisasjonar skal vere ein ny aktør i eit nytt «firepartssamarbeid», då dette ikkje skapar nokre naturleg avgrensing på kva andre organisasjonar, som med konsekvens av dette, vil ønskje ein aktørrolle i samarbeidet. Ein kan ikkje sikkert sei kva konsekvensar ein såkalla utviding av samarbeidet og talet på aktørar, i praksis har å sei for samarbeidet i framtida.

Dialog er den viktigaste nøkkelen i eit godt samarbeid og gode avtalar. Difor er det viktig at ein ved alle anledningar ein ser høve, inkluderer miljøorganisasjonar og andre interesseorganisasjonar når viktige politiske vedtak og debattar kjem opp. Her vil det vere naturleg at det er partane i trepartssamarbeidet som jobbar med interesseorganisasjonane for å få innspel og dialog på viktige saker.»

Marte Hammer, SV, sette fram slikt forslag:

«Klimautfordringen er vår tid største utfordring. HFK utvider derfor trepartssamarbeidet innen prioritering av viktige samferdselsspørsmål, og inviterer miljøorganisasjonene inn i dette arbeidet på lik linje som LO og NHO.»

Røysting

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Hammer sitt forslag fekk 7 røyster (SV, MDG, R) og fall.

2. Aud Karin Oen, SV, hadde sendt inn slik interpellasjon:

«Ja til demonstrasjonspark for havvind i Hordaland

Norsk industri har eit stort potensial for å verta eksportør av produkt og tenester til havvindindustrien. Havvind omfattar næringar frå verft, supply, strømløysingar, sikkerheitsanalyser med meir. Dette er næringar der Noreg og Vestlandet sit på kompetanse i verdsklassen, men ein kompetanse som foreløpig er spesialisert på oljeinstallasjonar, ikkje havvind.

Noreg har dei seinare år bygd opp ein større kompetanse innan flytande havvind, særleg via forskingsprosjekta NORCOWE og NOWITECH. I tillegg har Statoil sin banebrytande teknologi, HYWIND, synt det industrielle potensialet for flytande havvind gjennom storskalaprosjekta dei for har under utvikling i Skottland.

For at Noreg skal etablere eit godt fotfeste i marknaden for havvind og for at me skal kunne gjennomføra ei omstilling frå ein oljebasert økonomi til ein økonomi basert på fornybar energi og miljøvennleg industri, så er tilgang på demonstrasjonsanlegg essensielt.

Det vil føra til at små og mellomstore bedrifter som ikkje har kapasitet til eigenfinansierte storskala demonstrasjonsanlegg truleg kan gå frå å skape prototypar som aldri når frem til marknaden, til å skape nye lønnsame løysningar for framtida.

Norsk sokkel representerer truleg den største vindkraftressursen i Europa. Potensialet for produksjonen på norsk sokkel vil kunne tilsvare krafta til heile vasskraftproduksjonen i Noreg. Foreløpig eksisterer ingen havvindmølleparkar i Noreg, mykje på grunn av tekniske utfordringar med utbygging på norsk sokkel som ein ikkje møter andre stader i Europa. Men også på grunn av et prisnivå per MWh som fortsatt ikkje kan konkurrere med allereie utbygd vasskraft.

Det er derfor ein føresetnad for produksjon til bruk i den norske marknaden at kostnaden med utvikling av havvindkraft går ned. Noreg har difor andre intensiver for ei satsing på havvind enn berre eksport av varer og tenester. Nemleg ein vidare auke i produksjonen av klimavennleg elektrisitet for norske husstandar og norsk industri.

Fylkesordføraren svarte slik:

«Ynskje om utvikling av «demonstrasjonspark» for havvind i Hordaland kan motiverast ut frå to mål; auka produksjon av fornybar energi, eller som eit utstillingsvindaug for norsk teknologi og kunnskap. Med demonstrasjonspark kan ein forstå eit område med kapasitet til visning og test av teknologi for havvind energiproduksjon tilstrekkeleg til å vere eit siste steg før kommersialisering.

1) Auka kraftproduksjon på Vestlandet

Noreg har stort potensiale for vindkraft, særleg til havs. Høg kostnad er fortsatt hinder for lønsam energiproduksjon basert på havvind. I tillegg er vi netto energiekSPORTØR og godt forsynt med fornybare energiressursar. I motsetning til landa i Europa har vi få karbonbaserte energikjelder som skal bytast ut. Unntaket er transportsektoren. Auka produksjon av norsk havbasert vindkraft for bruk i Noreg er difor ikkje strengt naudsynt for å støtte etterspurnad i marknaden. Auka produksjon av fornybar kraft vil på lengre sikt kunne vere grunnlag for ny kraftkrevjande industri, til dømes hydrogenproduksjon, og høgare forbruk. Vidare har eksport av kraft potensiale i lys av nye europeiske kraftforsyningsnett både i eit kommersielt perspektiv, og med mål om klimagassutsleppsreduksjon, ved utbytting av europeisk kraft basert på kol, olje og gass.

2) Demonstrasjon av norsk teknologi og kunnskap

Store, og dels norske, prosjekt i Storbritannia har vist stor kostnadsreduksjon for etablering av havvindparkar dei siste åra. Særleg gjeld dette flytande installasjonar som kan vere aktuelle for dei djupnetilhøva vi har i Hordaland. Det er grunn til å tru at ytterlegare kostnadsreduksjon kan skje ved å ta i bruk fleire løysingar frå oljebransjen, og ikkje minst «subsea-miljøa». I dette perspektivet er Hordaland, representert ved klyngesatsinga Global Center of Expertice (GCE) – Subsea, langt framme. På kunnskapssida er CMR og UiB tunge internasjonale aktørar på feltet. Det er avgjerande viktig for desse institusjonane og selskapa at det vert etablert demonstrasjonsanlegg for teknologi og kunnskap for å støtte kommersialisering. Ein havvind demonstrasjonspark i vår region vil vere bidrag til å redusere kostnadsnivået for ny teknologi og dermed auke lønsemd og konkurransekraft for desse løysingane.

Diskusjon

Dei maritime og petroleumsretta miljøa i Hordaland har i lang tid vist omstillingsevne og ekspansjon ved å gå inn i nye område som havbruk og havenergi. Dette har sikra sysselsetting og industriell utvikling i nye marknader.

Regjeringa ynskjer no å leggje til rette for eitt til to demonstrasjonsprosjekt for flytande vindkraftproduksjon (pressemelding OED 13.12.17). Meldinga er forankra i vedtak Energi og miljøkomiteen (EMK) statsbudsjett 2018 vedtak 245; «..Det ble i tillegg vedtatt at Regjeringen skal legge til rette for å åpne ett til to områder for fornybar energiproduksjon til havs, og legge til rette for søknader om demonstrasjonsprosjekter for flytende vindkraft.».

NVE utarbeidde i 2013 «Havvind, Strategisk konsekvensutredning». I denne omfattande nasjonale utgreiinga vart det føreslått 15 «utredningsområder» og peikt på 5 aktuelle område. Ingen av desse ligg i sjøområda ved Hordaland. Ei vesentleg årsak til dette er at desse områda igjen vart identifiserte i NVE-rapportar tilbake til 2008 og 2010. NVE rapport 9/2008 og «Havvind, forslag til utredningsområder» 2010.

For åtte til ti år sidan var havdjupne det overordna kriteriet for val av område. Særleg i Nordland vart det på denne tida registrert stort potensiale med mange grunne og vindrike område nært land. I dag er det demonstrert i fullskala at flytande havvindparkar kan etablerast på større djup (Statoil - Storbritannia, HyWind). Ein kan difor hevde at det vil vere ei føremon med ein demonstrasjons havvindpark på større djup for spesielt å synleggjere fortrinna norsk industri har innan flytande teknologi. Det har med andre ord skjedd vesentlege endringar sidan områdevalet og dei strategiske utreiingane opprinnreleg vart laga. Ein kan difor fremje forslag om at Hordaland no bør prioriterast på bakgrunn av;

Nærleik til kompetansekyngene og kunnskapsnettverka (CMR, UiB, UiS, UiA, UNI research,)
Tung petroleumssektor med evne og vilje til omstilling (Statoil, AIBEL med fleire)
Etablerte industrinettverk med forretningsplanar for havvind

Etablerte finans- og investormiljø
Kompetent regionalpolitisk- og administrativt verkemiddelapparat
Hordaland vil gje internasjonale aktørar ei «mjuk landing» i regionen ved etablert mottaksapparat
Gode naturgitte tilhøve for demonstrasjon av framtidsretta flytande havenergiteknologi

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune bør oppmoda NVE om at Hordaland og Vestlandet vert vurdert i den nært føreståande utpeikinga av demonstrasjonsområde for flytande vindkraft i Noreg.»

Aud Karin Oen, SV, sette fram slikt forslag:

«Hordaland fylkeskommune skal i samarbeid med relevante aktørar, arbeide for å sikre statleg støtte til etablering av ein demonstrasjonspark for vindkraft i Hordaland.»

«Hordaland fylkeskommune er positive til etableringa av ein demonstrasjonspark i Hordaland. Basert på initiativ frå næringa, vil Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Bergen kommune og andre relevante aktørar arbeida for at eit av de to føreslåtte demonstrasjonsanlegga for havenergi vert lagt til den nye Vestlandsregionen.»»

Røysting

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.
Oen sitt forslag fekk 50 røyster (A, KrF, Sp, SV, R, V, MDG, H) og vart vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune skal i samarbeid med relevante aktørar, arbeide for å sikre statleg støtte til etablering av ein demonstrasjonspark for vindkraft i Hordaland.

Hordaland fylkeskommune er positive til etableringa av ein demonstrasjonspark i Hordaland. Basert på initiativ frå næringa, vil Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Bergen kommune og andre relevante aktørar arbeida for at eit av de to føreslåtte demonstrasjonsanlegga for havenergi vert lagt til den nye Vestlandsregionen.

3. **Aud Karin Oen, SV**, hadde sendt inn interpellasjon på vegner av SV og R. **Daniel Charles Hextall, SV**, la fram interpellasjonen.

«Nei til suverenitetsavståing til EUs energibyrå ACER

Hordaland fylkesting meiner norsk kraft fyrst og fremst skal brukast til å utvikle næringslivet i Noreg og dekke det norske energibehovet, og ber regjering og Storting reservere Noreg mot suverenitetsavståing til EUs energibyrå ACER.

I mars 2018 vil det komme forslag om at Noreg slutter seg til EUs energibyrå ACER via overvakingorganet ESA. ACER har som formål å lage eit felles europeisk nett for både gass og straum der nasjonale omsyn ikkje skal takast. Medan dagens samarbeid er rådgjevande, skal ACER fatte bindande fleirtalsvedtak. Konkret blir det foreslått at ACER skal bestemme reglane for når straumen skal flyte den eine eller andre vegen gjennom eksportkablane. Dei vil også bestemme kven som skal betale ved usemje og det er uklart om Noreg i framtida vil kunne avstå frå å bygge eksportkablur ut frå nasjonale omsyn.

Det er også sagt at ein ny reguleringsmyndigheit for energi (RME) som vil bli ein heilt ny statsforvaltningsmessig konstruksjon, ikkje skal vere underlagt Noregs politiske styringsmyndigheiter. Ein slik uavhengig reguleringsmyndigheit strir imot prinsipp i grunnlova §115.

Det er all mulig grunn til å hevde at Noreg vil importere ein straumpris som i dag er vesentlig høgare enn i Noreg. Dermed vil norsk kraftføredlande industri miste sin viktigaste konkurransefordel, rimeleg, rein og fornybar energi. For ikkje å gløyme kva tap av høgteknologisk kompetanse i verdsklasse, vil ha å seie for industriutviklinga vår i framtida. Prosessindustrien i Noreg står for 20 % av norsk eksport og målet bør vere ein større prosentandel enn det. I Hordaland er denne industrien sjølv drivhjulet i distrikta våre, men også viktig i ein framtidig omstilling. Desse bedriftene er heilt

avhengige av ein føreseieleg og konkurransedyktig pris på straumen. Dessutan, er det sannsynleg at ein auke i eksport av straum kan gje ein merkbar auke i straumkostnadar for den jamne Hordalending og for andre føretak som nyttar store mengder straum i Bergen og omegn.

Fylkesordføraren svarte slik:

«ACER (Agency for the Cooperation of Energy Regulators), er eit EU-organ som skal koordinere samarbeidet mellom de deltakande land sine reguleringsmyndigheiter (NVE i Noreg). Dei europeiske landa samarbeider tett om klima- og energispørsmål og sjølv om Noreg står utanfor EU, så er vi med på det aller meste innan dette feltet. Staumkablar koplar kraftsystema i de europeiske landa saman. Auka avkarbonisering av europeisk straumproduksjon er enklare med kraftutveksling på tvers av landegrensar. Med handel kan fornybar strøm lettare erstatte den fossile. 1 TWh fornybar kraft kutter ca 1 million tonn CO₂ om det er kull som erstattast og ca 400.000 tonn CO₂ om det er gasskraft som vert bytta ut. Klimapolitikken i EU er tett knytt til energipolitikken.

Implementering av EU sin tredje energimarknadspakke i Norge skal handsamast i Stortinget i mars. Det meste av EU sitt regelverk er allereie del av norsk lovgjeving eller styrkar det, men somme delar av det nye regelverket er kontroversielt. Dette gjeld i særleg grad tilknytting til ACER og oppretting av ei ny reguleringsmynde for energi (RME). Det er også debatt kring kva heimel i Grunnlova ein skal nytte ved implementeringa.

Tilslutting til EU sitt energibyrå, ACER, gir ei sentralisering av avgjerder om energi over landegrensene og gjer at Noreg må gje frå seg suverenitet til ACER via overvaksingsorganet ESA. ACER fattar bindande fleirtalsvedtak, og den norske representanten, NVE, vil ikkje ha stemmerett i dette organet. NVE og Statnett vil dermed miste påverknadskraft over reguleringa av norsk energipolitikk. På den andre sida vil oppretting av ACER ikkje vere avhengig av norsk deltaking, og ved å ikkje ta del vil Noreg miste noko av høvet til å påverke viktige avgjerder og vere del av EU sine prosessar på energifeltet. ACER-tilslutning endrar ikkje eigarforholda til norsk vasskraft. Vedtaksmyndigheit for konsesjonar for nye utanlandskablar er fortsatt til den norske regjeringa, med mindre det er usemje mellom landa.

Forslaget om ny norsk reguleringsmynde for energi (RME) vil bli ein heilt ny konstruksjon i norsk energipolitikk. Organet vil bli styrt direkte frå ACER, via ESA, og vil vere ei reguleringsmynde i Noreg, underlagt EU. Dette vil integrere Noreg ytterlegare i EU sin indre marknad.

Hordaland fylkeskommune vurderte spørsmålet i sak 79/17 i Fylkesutvalet 30. mars 2017, i samband med Olje- og energidepartementet si høyring om EU sin vinterpakke. Men då utan å gå i nærare detaljar. Vedtakspunkt 4. frå fråsegna til fylkeskommunen lyder:

«Utvikling av nettariffar vil vere viktig for å realisere ny fornybar energiproduksjon. Norge bør delta i denne utviklinga og generelt med integreringa av kraftmarknadane. Norske styresmakter bør finne ei løysing for å sikre norsk innverknad i ACER.»

Sv og MDG stemde for å inkludere følgjande setning i vedtakspunktet:

«Det må takast omsyn til behova i den kraftkrevjande industrien.»

Men dette fall.

Det er på noverande tidspunkt vanskeleg å spå korleis tilsluttinga til ACER og oppretting av RME vil påverke norske straumprisar og inntekta til norske kraftselskap. Det er enno ikkje klart kva avgjerder ACER vil fatte, kor omfattande dei vil vere og i kva grad EU sine medlemsland vil ha motstridande interesser med Noreg i desse sakene. Konsekvensane av ei slik tilslutting er med andre ord usikre og spådommane dels motstridande.»

Daniel Charles Hextall, SV, sette på vegner av SV og R fram slikt forslag:

- A. «Fylkestingsrepresentantar meiner at norsk kraft skal brukast til å utvikle landet til det beste for innbyggjarane. Krafta vår foredlast best her heime og vi ber regjering og Storting reservera Noreg mot suverenitetsavståing til EUs energibyrå.
- B. Fylkestingsrepresentantar støttar LO i Indre Hardanger samt fagbevegelsen tilknytta kraftforedlende industri i fylket og stiller oss bak Vestlandsoppøpet mot norsk tilknytning til

ACER.

- C. Fylkestingsrepresentantar meiner at det å underleggje seg EU sitt energi byrå ACER, må sjåast som ein suverenitetsavståing med potensielt fatale konsekvensar for kraftforedlende industri i Hordaland og Sogn og Fjordane. Grunnlovas §115 stiller krav om ¾ dels fleirtall, ved suverenitetsavståing til myndigheiter der Noreg ikkje er tilslutta, og må avdi leggjast til grunn for sakas vidare handsaming i Stortinget.»

Pål Kårbø, KrF, sette fram slikt forslag:

«Det er viktig at NVE kan delta i koordineringa av regulatorane i Europa. Den utanlandskapasiteten som er etablert tilseier at Noreg er tent med at det norske synet vert fremja før avgjer vert fatta.

Hordaland fylkeskommune er likevel uroa for konsekvensane av ei utvikling av det europeiske energiregelverket der den aukande detaljeringsgraden kan redusera det nasjonale handlingsrommet.

Storting og regjering må sørge for ein grundig juridisk gjennomgang som utvetydig sikrar at norske myndigheter framleis held full suverenitet over energiressursane. Vedtak om utbygging av strømmettet, også nye utanlandskablar, må takast i Noreg, gjennom norske konsesjonar, og det må være ein føresetnad at Statnett skal eiga og drifta alle framtidige utanlandskablar.

For Hordaland fylkeskommune er det avgjerande at ved ei eventuell innlemming av rettsaktene i EUs tredje energimarknadspakke ikkje fører til at ESA seinare kan avgjere at vedtak i eit ACER med stadig større mandat, er EØS-relevante og dermed bindande for Noreg si deltaking i den indre marknaden på ein måte som reduserer moglegheitene for å ha nasjonal kontroll med energipolitikken i Noreg.

Hordaland fylkesting meiner usikkerheten knytta til kva bindingar Noreg kan verta utsett for om ACER på sikt utviklar seg til å få ytterlegare avgjerdskompetanse gjennom fleirtalsvedtak, og usikkerheten om ESA sin vedtakskompetanse ovanfor reguleringsmyndigheten inneber ein overføring av myndighet i Grunnlovens forstand, tilseier at Stortinget bør reservera seg mot å ta dette inn i EØS-avtalen no.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaga skulle realitetsbehandlast.

19 av representantane (Frp, H) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning.

4. **Roald Kvamme, A**, hadde sendt inn slik interpellasjon:

«Kollektivstrategi

Fylkestinget har gjennom handsaming av kollektivstrategi og regionaltransportplan gjort vedtak om å nå nye reisande som skal nytta kollektivreisemiddel. Det vert synt til målsetting i Kollektivstrategi for Hordaland og vedtak i samband med handsaming av Regional Transportplan i juni 2017.

Kollektivstrategi

Auke kunnskapen om rutetilbod for å nå nye reisande

«I perioden vil ein også satse på å få fleire til å nytte kollektive reisemiddel til fritidsføremål».

Regional transportplan

Under kapittel 6.3.4 Reiseliv og kollektivtransport, vedtak i fylkestinget juni 2017.

«Snøggbåten i Sunnhordland er eit reiselivstilbod med unytta potensiale. Snøggbåten i Sunnhordland må marknadsførast som eit reiselivsprodukt langs heile ruta, slik andre ruter er».

Fleire reiselivsaktørar ynskjer å tilby nye reiselivstilbod der ein nyttar eksisterande kollektive reisemiddel som ein del av ei pakke. I den samanheng vert det mellom anna synt til prosjektet «Kystopplevelser» som er støtta av fylkeskommunen, og samarbeidet dei har med Veteransklipslaget Fjordabåten. Dei har saman med reiselivslaga i Bergen og Sunnhordland tatt

initiativ til å starta ei kombinert turistrute mellom Bergen og Sunnhordland der ein ynskjer å nytta ledig kapasitet på snøggbåtruter kombinert med reise på veteranbåt.

Det vert også synt til prosjektet «Travel like the locals» som er eit samarbeid mellom fylkeskommunen og reiselivsaktørar der ein skal marknadsføra turistruter basert på eksisterande kollektivtilbod i ulike deler av fylket.

Nye løysingar for å nå fleire fritidsreisande og turistar krev god dialog mellom fylkeskommunen v/Skyss og reiselivsoperatørar. Det handlar om å tilby fleksible og tilgjengelege løysingar i høve til ruteopplysingar og høve til å samarbeida om gode pristilbod på denne type reiser.

1. Kva er status for samarbeidet i desse konkrete prosjekta?
2. Korleis legg Skyss til rette for at ein skal nå målsettinga om å nytta kollektive reisemiddel i nye reiselivsprodukter?
3. Korleis kan fylkeskommunen medverka til at ein får til gode samarbeidsløysingar med reiselivet og gode pakketilbod som kan medverka til at slike tilbod kan etablerast?»

Fylkesordføraren svarte slik:

«Kva er status for samarbeidet i desse konkrete prosjekta?»

Frå Samferdelsavdelinga og Skyss si side har ein ikkje eit aktivt samarbeid om prosjektet Kystopplevelser. Ein førespurnad om vesentleg rabattering av billetter og praktisk tilrettelegging av produktet frå Skyss si side er avslått, sidan Skyss verken har mandat til å gi slike rabattar eller naudsynt kompetanse og ressursar på reiseliv. Rådmannen syner her til svaret under punkt 2 og 3.

Travel Like the Locals er førebels ikkje etablert som eit prosjekt i Hordaland, men det har vore nokre møter omkring moglegheiter i konseptet der både regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune og Skyss har vore representerte.

Korleis legg Skyss til rette for at ein skal nå målsettinga om å nytta kollektive reisemiddel i nye reiselivsprodukter?

Kollektivtrafikken i Hordaland har hatt ei svært positiv utvikling, med ein prosentvis vekst i tal reisande på heile 70 prosent sidan Skyss vart etablert i 2010. Kollektivstrategi for Hordaland ligg til grunn for prioriteringane som vert gjort i utviklinga av kollektivtrafikken.

Alle tiltak som kan auke tal kollektivreisande i fylket er velkomne, og å utnytte ledig kapasitet i kollektivnettet er sjølv sagt noko ein ser positivt på. Fylkesrådmannen meiner det er ei god utvikling at ulike grupper ønsker å nytte kollektivtransport i aukande grad, men ser likevel at ein må setje krav til volum for å kunne prioritere ulike tiltak. Sjølv om talet på turister er aukande, vil talet på kollektivreiser gjort av turister likevel utgjere ein svært liten del av det totale talet på reisande i Hordaland. Dei primære brukarane av kollektivtrafikken i fylket vil alltid vere dei fastbuande, og det store volumet av reiser skjer i Bergensområdet. Dette må også i det vidare leggast til grunn i Skyss sine prioriteringar og ressursbruk.

I «Handlingsprogram kollektiv 2018–2021» som det er vist til, står det under punktet «Auke kunnskapen om rutetilbod for å nå nye reisande» at ein i perioden «også [vil] satse på å få fleire til å nytte kollektive reisemiddel til fritidsføremål.» Dette er ikkje eit tiltakspunkt retta mot turistmarknaden, men omfattar tiltak for å få dei som nyttar kollektivtilbodet til skule og arbeid til i aukande grad også å reise kollektivt i fritida si. Dette er også i tråd med endringar gjort i tilbodet dei seinare år, med fleire avgangar på kveld og i helg.

Utvikling av kollektivtilbodet må skje innanfor dei til ei kvar tid fastsette økonomiske rammer. I kollektivstrategi for Hordaland vert det tydeleg slått fast at Skyss, for å nytte ressursane på riktig måte, skal prioritere dei store reisestraumane. Eigne tilbod retta mot reiselivet må derfor som hovudregel tilpassast innanfor det ordinære tilbodet, utan at tiltaka krev ekstra finansiering.

Hordaland fylkeskommune har gjennom Skyss i dag kredittavtalar og voucherordning for større aktørar innanfor reiselivet. Dette er avtalar som er dyre å administrere og det vert derfor stilt krav om

minimumsomsetning for at ein skal inngå nye avtalar. Reiselivsnæringa består av mange mindre aktørar, og Skyss har i dag ikkje ressursar til å betene alle desse individuelt.

Det er sjølv sagt eit mål at turistnæringa skal oppleve det som enkelt å informere om kollektivtilbodet i Hordaland nasjonalt og internasjonalt. Skyss skal legge til rette for god informasjon og opne datakjelder slik at reiselivsnæringa kan gi sine kundar god service også når det gjeld kollektivreiser.

Utvikling og pakking av reiselivsprodukt er eit fagområde som krev kompetanse for å sikre kvalitet, økonomiske rårer som gir føreseielege vilkår både for næringa og for fylkeskommunen og sist, men ikkje minst ressursar til å jobbe med dette på ein god og seriøs måte. Det er etter fylkesrådmannen si meining viktig at Skyss får høve til å konsentrere si kompetanseutvikling innanfor dei områda organisasjonen har ansvar for i dag. Ein står framfor store og krevjande omstillingar i kollektivtrafikken i åra som kjem, og ein sterkt og kompetent Skyss-organisasjon er heilt avgjerande for at ein skal nå dei politiske måla knytt til reisemønster og ein kraftig vekst i tal kollektivreisande.

Korleis kan fylkeskommunen medverka til at ein får til gode samarbeidsløysingar med reiselivet og gode pakketilbod som kan medverka til at slike tilbod kan etablerast?

Hordaland fylkeskommune har ein viktig rolle innanfor regional næringsutvikling, der reiselivet er ein sentral aktør. Denne rolla skal ein vidareutvikle, og fylkesordføraren ser behov for at ein også klargjer grensesnitt internt i fylkeskommunen. Knytt til reiselivsnæringa er det særleg viktig å sjå på fordelinga mellom Regionalavdelinga og Samferdselsavdelinga/Skyss.

Fylkesordføraren syner i denne samanhengen til Regional transportplan, der det går fram at reiselivsnæringa sitt behov for kollektivtransport skal verte gjennomgått i eit eiga prosjekt, jf. tiltak 6.1: Kartlegge reiselivet sitt behov for kollektivtransport. Dette prosjektet vil verte starta opp i inneverande år, og fylkesrådmannen vil kome attende med ein eigen politisk sak der ein vil drøfte kva rolle Hordaland fylkeskommune og Skyss kan og bør ha inn mot reiselivsnæringa framover.»

SPØRSMÅL

May Eva Sandvik, H, hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Alternativ drift av Manger Folkehøgskule?

Manger Folkehøgskule er ein populær folkehøgskule som ligg på Manger i Radøy kommune, ein frilynt skule med rundt 60 elevar. Skulen har stor søknad og har spesialisert seg på musikkfaget fordelt på fem ulike felt som artist og låtskrivar, band-scene og studio, brassband, musikkproduksjon og musikk, bu og fritid. Skulen har lærarar med stor kompetanse og ofte er dei rekruttert frå det høge nivået innan musikkmiljøet i distrikta. Folkehøgskulen har eit godt «rykte», og utdannar og vidareutviklar dyktige musikarar både individuelt og i samspel. Brassbandlinja rekrutterer mellom annan musikarar til Eikanger- Bjørkvik Musikklag og Manger Musikklag, som har vore i europatoppen for brass i mange år. Altså er Manger Folkehøgskule vorte eit sentrum for utvikling av musikk talent i eit særdeles godt musikkmiljø.

Det noko spesielle med Manger Folkehøgskule er eigarstrukturen, den er nemlig eigd av Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune har som kjent ansvar for videregående skular/ fagskular, men at fylkeskommunar er ansvarleg for folkehøgskular er langt frå vanleg.

Høgre er av den oppfatning at Manger Folkehøgskule med fordel kan drivast av ideelle lag og organisasjonar på lik linje med dei aller fleste andre folkehøgskular i landet. Som nemnt har Nordhordland med sine lange tradisjonar innan til dømes brassbandrørsle, også lang erfaring innan administrativt arbeid. Høgre trur også at ein vil kunna vidareutvikla skulen på ein god måte med eksterne eigarar.

I budsjettet for 2018 kom Høgre derfor med eit verbalpunkt som følgjer; «Gå i dialog med eksterne aktørar med tanke på å vurdere alternativ driftsform for Manger Folkehøgskule». Høgre ber derfor om at saka vert sett på dagsorden med ei saksutgreiing der fylkesrådmannen vurderer alternativ driftsform.

Spørsmål til fylkesordførar:

Vil fylkesordfører ta initiativ til ei saksutgreiing der fylkeskommunen går i dialog med aktuelle aktørar for å vurdere alternativ drift av Manger Folkehøgskule?»

Fylkesordføraren svarte slik:

«Ved budsjetthandsaminga i desember 2017 fekk ikkje Høgre sitt verbalpunkt fleirtal. Fylkesordfører ønskjer difor ikkje på noverande tidspunkt å ta initiativ til ei sak vedr alternativ drift av Manger Folkehøgskule. Fylkesordføraren meiner det er meir naturleg at eit slikt initiativ kjem opp, og vert votert over i samband med ei budsjetthandsaming.»

Olav Kvinge, H, hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Tilfluktsrom

Myndighetenes viktigste oppgave er å beskytte befolkningen mot livstruende farer og hendelser. Et av de viktigste tiltakene er tilfluktsrom. Dersom samfunnet opplever de mest alvorlige av katastrofer som vi mennesker kan oppleve, først og fremst krig – men også naturkatastrofer, er det å komme i dekning et av de mest livreddende tiltakene. Alternativet er evakuering. Befolkningen har dessuten krav på beskyttelse i krig iht Genèvekonvensjonene.

Tilfluktsrommene eies enten av kommunene eller av private huseiere. Hordaland fylkeskommune eier de offentlige tilfluktsrommene som er i fylkeskommunale bygg. Det er eiernes ansvar å bygge, utstyre og vedlikeholde tilfluktsrommene, samt sørge for at de klargjøres for bruk i en beredskapssituasjon. Kravet til tilfluktsrom er at de skal være operative minimum 72 timer etter erklært unntakstilstand. Sivilforsvaret har på sin side ansvar for tilsyn, saksbehandling og bemanning (drift) av offentlige tilfluktsrom i en krisesituasjon.

I St.meld 17 (2001-2002) ble det vedtatt midlertidig stans av bygging av nye tilfluktsrom, men det ble også vedtatt at eksisterende tilfluktsrom skal vedlikeholdes. Dette er gjentatt i St.meld. 39 (2003-2004) om Samfunnssikkerhet og sivil-militært samarbeid. Siste utredning som ble gjort om dette var i 2017 i forbindelse med Konseptutredning for Sivilforsvaret, og anbefalingen fra Forsvarets forskningsinstitutt er at ordningen må styrkes.

<https://www.aftenposten.no/norge/i/GWd8x/Ny-rapport-Norske-tilfluktsrom-trenger-oppgradering>

Tilstanden til de ulike tilfluktsrommene varierer i stor grad. I 2013 ble det foretatt en evaluering av tilfluktsromtjenesten, og det ble avdekket et stort etterslep på vedlikehold.

I Hordaland er det cirka 2200 tilfluktsrom, hvorav 51 er offentlig. Dette dekker cirka 200 000 mennesker. De fleste er i Bergen.

Mitt spørsmål er todelt:

1. Hvor mange tilfluktsrom har HFK ansvaret for?
Hva er kapasiteten på disse?
Hvor ligger disse?
2. Er det gjort noen kartlegging av status på tilfluktsrommene totalt i Hordaland?
Hvordan er tilstanden på disse rommene?
Det er et faktum at de færreste nå gjør sin verneplikt (som altså er militær). Det betyr at det er færre som er stridende i et krigsscenario og at flere må ha beskyttelse. Er det tatt høyde for dette?
Er det planer for klargjøring?
Klarer man å tilfredsstillere kravet om at de skal være klare innen 72 timer?»

Fylkesordføraren svarte slik:

«Svar på spørsmåla under punkt 1

Pr. i dag har vi ikkje oversikt over kor mange tilfluktsrom HFK har ansvaret for og kapasiteten på desse, men Eigedomsavdelinga har nyleg starta ei kartlegging av dette. Plasseringa av tilfluktsromma vil inngå i denne kartlegginga.

Svar på spørsmåla under punkt 2

Kartlegginga som no vert gjennomført vil gje svar på status/teknisk funksjon for tilfluktsromma.

Vi har ikkje full oversikt over tilstanden på desse romma, men vi har sett over mange av dei. Nokre vert nytta som treningsrom, andre som snikkarbu, nokre til undervisning og nokre vert nytta av skulane som lager. Desse observasjonane, saman med observasjonar av kvaliteten på tekniske installasjonar, er bakgrunnen for at vi har starta kartlegging av tilstanden på tilfluktsromma.

Det er Sivilforsvaret som avgjer talet på tilfluktsrom og kapasitet. Våre tilfluktsrom er ikkje offentlege, og privatpersonar rundt i nabolaget skal derfor ikkje bruke våre rom. Dei er meint for tilsette og elevlar ved skulen dersom dei er på skulen ved ei mobilisering. Vi er ikkje kjent med om kapasiteten er tilstrekkeleg for dei skulane dei skal betene.

Når det gjeld planar for klargjering, er det brukarane (skulane) som har ansvaret. Eigedomsavdelinga har ikkje registrert at det finst slike planar.

Ut frå den bruken vi ser på skulane, så vil brukarane i mange tilfelle ikkje kunne klare å tømme tilfluktsromma på 72 timar. Dette vil verte følgt opp som ein konsekvens av den pågåande kartlegginga.»

PS 5/18 Ymse

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Fylkesordførar Anne Gine Hestetun leidde møtet 6. mars, og 7. mars etter kl. 14:10.
Fylkesvaraordførar Pål Kårbø leidde møtet 7. mars fram til kl. 14:10.

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV, KrF, A, V, MDG, Sp og R fram slikt forslag til uttale til Justisdepartementet og dei parlamentariske leiarane på Stortinget:

«Fråsegn om den afganske familien som blei pågrepane 23. februar av politiet på Fitjar.

Den afganske småbarnsfamilien vart pågripen og tekne med politimakt i menighetslokalet til Nytt Liv Sunnhordland fredag 23.februar. Politiet var bevæpna med tenestevåpen. Dette har skapt sterke reaksjonar frå mange ulike miljø og det med rette.

Medan familien låg og sov vart foreldra tekne med makt og ført ut. Dei tre borna på seks, fire og ein baby blei att i lokala medan dei vart påkledde. Dette er born som frå før er traumatiserte.

For å koma seg inn knuste politiet glaset i inngangsdøra. Dette vekkjer assosiasjonar til regime som me ikkje vil samanlikna oss med.

Kyrkjeasyl har djupe historiske røter, som vern for forfølgde. Menigheten opplevde gjennom denne aksjonen at deira kyrkjerom gjekk frå å vere ein heilag stad til eit rom der maktmisbruk blei tillate.

Politiet forsvarar pågripinga med at dette ikkje var eit kyrkjehus. Dette er feil og i kommuneplanen er bygget regulert til offentlig eller privat tenesteyting, i matrikkelen er både eigedommen og bygget registrert som «bedehus/menighetshus».

I denne saka har menigheten forholdt seg til gjeldande kyrkjeasylpraksis, men desse spelereglane vart endra undervegs. Dette er ikkje akseptabelt.

Det er også viktig å presisere at familien som har konvertert frå islam til kristendom hadde budd i kyrkjeasyl i 2 månader og tre veker og ikkje 11 månader som det har stått i media.

- Hordaland fylkesting meiner dette er eit brot på kyrkjeasylordninga.
- Hordaland fylkesting ber om at den afghanske familien må få bli i Noreg til saka deira er avgjort i rettsapparatet.
- Justisminister Listhaug må snarast orientere og grunngje kvifor aksjonen på Fitjar vart gjennomført i strid med etablert praksis når det gjeld kyrkjeasyl.»

På slutten av tingsetet tok fylkestinget stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast. Det var 54 representantar til stades. Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Røysting (forslaget)

Det er 53 representantar til stades.

Oen sitt forslag fekk 36 røyster (A, KrF, Sp, SV, R, V, MDG) og vart vedteke.

Vedtak

Følgjande uttale vert sendt til Justisdepartementet og dei parlamentariske leiarane på Stortinget:

Fråsegn om den afghanske familien som blei pågrepane 23. februar av politiet på Fitjar.

Den afghanske småbarnsfamilien vart pågripen og tekne med politimakt i menighetslokalet til Nytt Liv Sunnhordland fredag 23.februar. Politiet var bevæpna med tenestevåpen. Dette har skapt sterke reaksjonar frå mange ulike miljø og det med rette.

Medan familien låg og sov vart foreldra tekne med makt og ført ut. Dei tre borna på seks, fire og ein baby blei att i lokala medan dei vart påkledd. Dette er born som frå før er traumatiserte.

For å koma seg inn knuste politiet glaset i inngangsdøra. Dette vekker assosiasjonar til regime som me ikkje vil samanlikna oss med.

Kyrkjeasyl har djupe historiske røter, som vern for forfølgde. Menigheten opplevde gjennom denne aksjonen at deira kyrkjerom gjekk frå å vere ein heilag stad til eit rom der maktmisbruk blei tillate.

Politiet forsvarar pågripinga med at dette ikkje var eit kyrkjehus. Dette er feil og i kommuneplanen er bygget regulert til offentlig eller privat tenesteyting, i matrikkelen er både eigedommen og bygget registrert som «bedehus/menighetshus».

I denne saka har menigheten forholdt seg til gjeldande kyrkjeasylpraksis, men desse spelereglane vart endra undervegs. Dette er ikkje akseptabelt.

Det er også viktig å presisere at familien som har konvertert frå islam til kristendom hadde budd i kyrkjeasyl i 2 månader og tre veker og ikkje 11 månader som det har stått i media.

- Hordaland fylkesting meiner dette er eit brot på kyrkjeasylordninga.
- Hordaland fylkesting ber om at den afghanske familien må få bli i Noreg til saka deira er avgjort i rettsapparatet.
- Justisminister Listhaug må snarast orientere og grunngje kvifor aksjonen på Fitjar vart gjennomført i strid med etablert praksis når det gjeld kyrkjeasyl.

Fylkesrådmannen orienterte om lovlegkontroll knytt til fylkestinget sitt vedtak i PS 87/17 Endringar i «Reglement om godtgjersle til folkevalde i Hordaland fylkeskommune», punkt 5.2.1:

«Erstatning for påførte utgifter, 4. avsnitt vert endra til slik ordlyd:

Oppheld den folkevalde seg utanom fylket vert det berre dekka reiseutgifter frå heimstaden i fylket.

Dersom den folkevalde mellombels oppheld seg utanfor fylket på grunn av arbeid, utdanning eller på grunn av verneplikt og liknande, skal ein likevel få dekka reiseutgifter. Med mellombels vert det lagt til grunn at dette er inntil 2 år. Ein må i kvart høve vurderer totalkostnadane ut frå om det er rimeleg å dekka dette og om dei er naudsynte.

Fylkesordføraren kan godkjenna unntak frå dette.»

Jf. PS 126/17 «Lovlegkontroll av vedtak fatta i fylkestinget 3. oktober 2017, sak 87/17».

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har konkludert med følgjande:

«Departementet har på denne bakgrunnen kome til at fylkestinget sitt vedtak om endringar i punkt 5.2.1. i reglementet for godtgjersle har ein «innholdsmessig mangel», jf. Kommunelova § 59, fjerde ledd bokstav a, og at vedtaket skal kjennast ugyldig.»

Hordaland fylkeskommune vil straks endre praksis i tråd med vedtaket. Fylkesrådmannen vil førebu sak til fylkestinget i juni om reglementsending.

Presentasjonar

Naturvernforbundet v/Sivert Straume og Gabriel Fliflet heidra fylkeskommunen sitt arbeid med anbod om elektriske fergjer med Naturvernforbundet sin Miljøpris for 2017.

Utdeling av Miljøpris Hordaland 2017.

Prisen vart delt ut av leiaren i utval for miljø og samferdsel, Jon Askeland.

Grunngjeving:

Miljøpris Hordaland 2017 vert tildelt arbeidet rundt ein tematikk som har fått auka merksemd dei siste åra. Matsvinn hjå einskildpersonar og bedrifter og svinn og auka forbruk generelt er både eit stort klimaproblem, eit problem for lomdeboka og eit ressursfordelingsproblem på verdsbasis.

Miljøpris Hordaland 2017 vert tildelt to dyktige kvinner som har evna å kombinera idealistiske verdiar og miljøengasjement med nytt innovativt entreprenørskap.

Mette Nygård Havre (tidlegare kommunikasjonsdirektør i BIR) er leiar av firmaet Grønne Verdier. Gjennom firmaet sitt og folkeopplysningsbevegelsen #spisoppmaten har ho verkeleg sett matsvinn på den norske agendaen. Ho og familien har titals tusen følgjarar på sosiale medium og er i mediabiletet stadig vekk, t.d. på God Morgon Norge, debattar og radiointervju. Ho har fått både Q-meieria(Kavli) og Tine-meieria til å endra datomerking frå: " Best før" til "Best før men ikkje dårleg etter".

Kristine Ullaland er CEO og stiftar av Zero Waste Norge AS, eit ungt firma basert på idealistiske verdiar. Zero Waste Norge sitt mål er å stoppa utvinning og forbruk av unødvendige ressursar, og dermed spare miljøet for dei negative konsekvensane dette fører med seg. Dei er i gang med å utvikla et program med særskilt fokus på korleis bedrifter kan redusere svinn, råvarebruk, avfall, utslepp og energiforbruk.

Mottakarane av Miljøpris 2017 er gode og inspirerande førebilete til at det nyttar å engasjera seg som privatperson i miljøvernarbeidet, og at me alle dermed kan utgjera den viktige skilnaden i å omsetja FN sine berekraftsmål til lokal handling. I tillegg viser prismottakarane også at miljøvernarbeidet har potensiale for innovasjon og grunderskap.

PS 6/18 Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Etablering av system og rutinar som sikrar at usikkerheit blir kostnadsberekna i samband med kostnadskalkylar for byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga, og fortløpande i prosjektgjennomføringa i samband med analyser av usikkerheit.
2. At usikkerheit og risiko knytt til dei tidlege kostnadsestimata for både fylkesvegprosjekt og byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga blir tydeleggjort, også ovanfor politisk nivå, for å sikre at det føreligg eit forsvarleg beslutningsgrunnlag ved avgjerd om prioritering av investeringsprosjekt.
3. Å tydeleggjere behovet for gode totalprognosar ovanfor Statens vegvesen som sams vegadministrasjon, og avklarar korleis slik rapportering best kan kome på plass.
4. At delegering av mynde når det gjeld investeringar på fylkesvegnettet, til fylkesrådmannen og vidare til regionvegsjefen, er så tydeleg at det i minst mogleg grad er rom for ulike fortolkingar.
5. Å fastsette kriterium for kor stor grad av usikkerheit som er akseptabel i ulike fasar av eit investeringsprosjekt.
6. Å vurderer om det kan vere føremålstenleg å etablere nokre overordna prinsipp som skal liggje til grunn for prosessane med prioritering av investeringsprosjekt på tvers av sektorane
7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 18.12.2017

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Line Johansen, presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen innan planlegging av investeringsprosjekt og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Etter sams drøfting framkom slik tillegg til punkt 2:

I dette ligg sikring av at prisstigning vert teke omsyn til og synleggjort.

Etter sams drøfting framkom slik tillegg til punkt 3:

I dette ligg at prosjektrekneskap skal reviderast og leggast fram for kontrollutvalet, tilsvarande som prosjekt frå eigedomsavdelinga.

Etter sams drøfting framkom slik tillegg til punkt 5:

Det bør vurderast om Hordaland fylkeskommune skulle ha nytta ekstern kvalitetssikring ved løyvingar til dei største investeringsprosjekta.

Forslag til innstilling, inkludert tillegg i pkt. 2, 3 og 5, vart samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet hadde og eit sams ønskje om at Deloitte AS får 15 minutt til å presentera denne forvaltningsrevisjonsrapporten for fylkestinget, i tingsete 6.-7.3.18.

Innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Etablering av system og rutinar som sikrar at usikkerheit blir kostnadsberekna i samband med kostnadskalkylar for byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga, og fortløpande i prosjektgjennomføringa i samband med analyser av usikkerheit.
2. At usikkerheit og risiko knytt til dei tidlege kostnadsestimata for både fylkesvegprosjekt og byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga blir tydeleggjort, også ovanfor politisk nivå, for å sikre at det føreligg eit forsvarleg beslutningsgrunnlag ved avgjerd om prioritering av investeringsprosjekt. I dette ligg sikring av at prisstigning vert teke omsyn til og synleggjort.
3. Å tydeleggjere behovet for gode totalprognosar ovanfor Statens vegvesen som sams vegadministrasjon, og avklarar korleis slik rapportering best kan kome på plass. I dette ligg at prosjektrekneskap skal reviderast og leggjast fram for kontrollutvalet, tilsvarande som prosjekt frå eigedomsavdelinga.
4. At delegering av mynde når det gjeld investeringar på fylkesvegnettet, til fylkesrådmannen og vidare til regionvegsejfen, er så tydeleg at det i minst mogleg grad er rom for ulike fortolkningar.
5. Å fastsette kriterium for kor stor grad av usikkerheit som er akseptabel i ulike fasar av eit investeringsprosjekt. Det bør vurderast om Hordaland fylkeskommune skulle ha nytta ekstern kvalitetssikring ved løyvingar til dei største investeringsprosjekta.
6. Å vurderer om det kan vere føremålstenleg å etablere nokre overordna prinsipp som skal liggje til grunn for prosessane med prioritering av investeringsprosjekt på tvers av sektorane.
7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Deloitte v/Line Margrete Johansen presenterte rapporten «Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt».

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Etablering av system og rutinar som sikrar at usikkerheit blir kostnadsberekna i samband med kostnadskalkylar for byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga, og fortløpande i prosjektgjennomføringa i samband med analyser av usikkerheit.
2. At usikkerheit og risiko knytt til dei tidlege kostnadsestimata for både fylkesvegprosjekt og byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga blir tydeleggjort, også ovanfor politisk nivå, for å sikre at det føreligg eit forsvarleg beslutningsgrunnlag ved avgjerd om prioritering av investeringsprosjekt. I dette ligg sikring av at prisstigning vert teke omsyn til og synleggjort.
3. Å tydeleggjere behovet for gode totalprognosar ovanfor Statens vegvesen som sams vegadministrasjon, og avklarar korleis slik rapportering best kan kome på plass. I dette ligg at prosjektrekneskap skal reviderast og leggjast fram for kontrollutvalet, tilsvarande som prosjekt frå eigedomsavdelinga.

4. At delegering av mynde når det gjeld investeringar på fylkesvegnettet, til fylkesrådmannen og vidare til regionvegsejefen, er så tydeleg at det i minst mogleg grad er rom for ulike fortolkingar.
5. Å fastsette kriterium for kor stor grad av usikkerheit som er akseptabel i ulike fasar av eit investeringsprosjekt. Det bør vurderast om Hordaland fylkeskommune skulle ha nytta ekstern kvalitetssikring ved løyvingar til dei største investeringsprosjekta.
6. Å vurdere om det kan vere føremålstenleg å etablere nokre overordna prinsipp som skal liggje til grunn for prosessane med prioritering av investeringsprosjekt på tvers av sektorane.
7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 7/18 Fylkesrådmannen orienterer om prosjektrekneskap - Fylkesvegar

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggja fram ei sak til junitinget med forslag til nye rutinar når det gjeld krav om prosjektrekneskap.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.02.2018

Handsaming i møte

Økonomisjef Nils Vetlesand orienterte om fylkesrådmannen sitt syn på saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet la til etter «junitinget» årstalet 2018. Vidare vert det lagt til etter ordet «rutinar» «og beløpsgrense».

Med desse endringane vart slik innstilling samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggja fram ei sak til junitinget 2018 med forslag til nye rutinar og beløpsgrense når det gjeld krav om prosjektrekneskap.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggja fram ei sak til junitinget 2018 med forslag til nye rutinar og beløpsgrense når det gjeld krav om prosjektrekneskap.

PS 8/18 Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del2" - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Etablere ein tydeleg definisjon av oppdragsverksemd/forretningsdrift, irekna tydeleggjering av forholdet mellom skulane sine lovpålagte oppgåver og oppdragsverksemd, og sikrar at definisjonen blir gjort kjent på skulane.

2. Utarbeide ei overordna og felles retningsline knytt til forretningsdrift som slår fast prinsipp og forventingar til rektorane knytt til forretningsdrift ved skulane.
3. Sikre at rektorane sitt ansvar for økonomistyring i eiga eining går tydeleg fram av delegeringsreglement og/eller andre relevante styringsdokument.
4. Etablere, og halde ved like, ei oversikt over forretningsdrifta ved dei ulike skulane.
5. Utarbeide, og/eller revidere eksisterande retningsliner og rutinar som skal sikre tilstrekkeleg internkontroll knytt til forretningsdrift, irekna:
 - a) korleis forretningsdrift skal bli budsjettert
 - b) kva oppdrag skulane kan utføre og korleis utvalsprosessen bør bli dokumentert
 - c) første fase av oppdragsfakturering som skulen er ansvarleg for
 - d) riktig fordeling av kostnader knytt til oppfølging av mva
 - e) eit rekneskapsmessig skilje mellom skuledrift og forretningsdrift som sikrar at det ikkje skjer kryss-subsidiering
 - f) rutinar for prissetting og kva prissettingsprinsipp som skal bli lagt til grunn av skulane.
6. Gjennomgå praksisen knytt til forretningsdrift/oppdragsverksemd ved skulane, og vurdere om det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre at kryss-subsidiering og ulovleg offentleg støtte ikkje førekjem.
7. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.02.2018

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Merete Larsen, presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen innan forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ønskjer å gjera slike endringar i vedtaket:

- I punkt 1 vert ordet «tydeleg» skifta ut med «meir eintydig».
- I punkt 5 b vert ordet «kan» skifta ut med «skal kunne»
- I punkt 5 e vert det føyd til, «m.a. korleis indirekte kostnader skal bereknast, slik som t.d. straum, reinhald, husleie»

Kontrollutvalet ønsjer at Deloitte får 15 minuttar til å presentere denne forvaltningsrevisjonsrapporten for fylkestinget, i tingsete 6.-7.3.18.

Med desse endringane i punkt 1, 5 b og 5 e vart slik innstilling samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Etablere ein meir eintydig definisjon av oppdragsverksemd/forretningsdrift, irekna tydeleggjering av forholdet mellom skulane sine lovpålagte oppgåver og oppdragsverksemd, og sikrar at definisjonen blir gjort kjent på skulane.
2. Utarbeide ei overordna og felles retningsline knytt til forretningsdrift som slår fast prinsipp og forventingar til rektorane knytt til forretningsdrift ved skulane.

3. Sikre at rektorane sitt ansvar for økonomistyring i eiga eining går tydeleg fram av delegeringsreglement og/eller andre relevante styringsdokument.
4. Etablere, og halde ved like, ei oversikt over forretningsdrifta ved dei ulike skulane.
5. Utarbeide, og/eller revidere eksisterande retningslinjer og rutinar som skal sikre tilstrekkeleg internkontroll knytt til forretningsdrift, irekna:
 - a) korleis forretningsdrift skal bli budsjettert
 - b) kva oppdrag skulane skal kunne utføre og korleis utvalsprosessen bør bli dokumentert
 - c) første fase av oppdragsfakturering som skulen er ansvarleg for
 - d) riktig fordeling av kostnader knytt til oppfølging av mva
 - e) eit rekneskapsmessig skilje mellom skuledrift og forretningsdrift som sikrar at det ikkje skjer kryss-subsidiering, m.a. korleis indirekte kostnader skal bereknast, slik som t.d. straum, reinhald, husleie
 - f) rutinar for prissetting og kva prissettingsprinsipp som skal bli lagt til grunn av skulane.
6. Gjennomgå praksisen knytt til forretningsdrift/oppdragsverksemd ved skulane, og vurdere om det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre at kryss-subsidiering og ulovleg offentleg støtte ikkje førekjem.
7. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Deloitte v/Line Margrete Johansen presenterte rapporten «Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del2"».

Gunn Berit Lunde Aarvik, A, stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er administrativ leiar v/Nye Voss vidaregåande skule. Aarvik gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Aarvik var inhabil etter kommunelova § 40, punkt 3 b).

Aarvik gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 56 representantar til stades.

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Etablere ein meir eintydig definisjon av oppdragsverksemd/forretningsdrift, irekna tydeleggjering av forholdet mellom skulane sine lovpålagte oppgåver og oppdragsverksemd, og sikrar at definisjonen blir gjort kjent på skulane.
2. Utarbeide ei overordna og felles retningsline knytt til forretningsdrift som slår fast prinsipp og forventingar til rektorane knytt til forretningsdrift ved skulane.
3. Sikre at rektorane sitt ansvar for økonomistyring i eiga eining går tydeleg fram av delegeringsreglement og/eller andre relevante styringsdokument.
4. Etablere, og halde ved like, ei oversikt over forretningsdrifta ved dei ulike skulane.

5. Utarbeide, og/eller revidere eksisterande retningslinjer og rutinar som skal sikre tilstrekkeleg internkontroll knytt til forretningsdrift, irekna:
 - a) korleis forretningsdrift skal bli budsjettet
 - b) kva oppdrag skulane skal kunne utføre og korleis utvalsprosessen bør bli dokumentert
 - c) første fase av oppdragsfakturering som skulen er ansvarleg for
 - d) riktig fordeling av kostnader knytt til oppfølging av mva
 - e) eit rekneskapsmessig skilje mellom skuledrift og forretningsdrift som sikrar at det ikkje skjer kryss-subsidiering, m.a. korleis indirekte kostnader skal bereknast, slik som t.d. straum, reinhald, husleie
 - f) rutinar for prissetting og kva prissettingsprinsipp som skal bli lagt til grunn av skulane.
6. Gjennomgå praksisen knytt til forretningsdrift/oppdragsverksemd ved skulane, og vurdere om det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre at kryss-subsidiering og ulovleg offentleg støtte ikkje førekjem.
7. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 9/18 Finansforvaltninga i 2017

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2017 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.02.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2017 til orientering.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2017 til orientering.

PS 10/18 Sandsli vgs - Ombygging

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner ombygging av Sandsli vgs. med ei samla kostnadsramme på 67 million kroner. Av dette vert 34 million kroner løyvd frå inneverande års løyving til rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren.

2. Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2018:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	626.020.00	02320	06038	Sandsli vgs – ombygging	34 000 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		34 000 000
				34 000 000	34 000 000	

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 06.02.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

- Fylkestinget godkjenner ombygging av Sandsli vgs. med ei samla kostnadsramme på 67 million kroner. Av dette vert 34 million kroner løyvd frå inneverande års løyving til rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren.
- Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2018:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	626.020.00	02320	06038	Sandsli vgs – ombygging	34 000 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		34 000 000
				34 000 000	34 000 000	

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.02.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

- Fylkestinget godkjenner ombygging av Sandsli vgs. med ei samla kostnadsramme på 67 million kroner. Av dette vert 34 million kroner løyvd frå inneverande års løyving til rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren.
- Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2018:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	626.020.00	02320	06038	Sandsli vgs – ombygging	34 000 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		34 000 000
				34 000 000	34 000 000	

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

- Fylkestinget godkjenner ombygging av Sandsli vgs. med ei samla kostnadsramme på 67 million kroner. Av dette vert 34 million kroner løyvd frå inneverande års løyving til rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren.

2. Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2018:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	626.020.00	02320	06038	Sandsli vgs – ombygging	34 000 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		34 000 000
				34 000 000	34 000 000	

PS 11/18 Sal av Lønborg vgs - Hellebakken 35 i Bergen

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt mellom Hordaland fylkeskommune og Markhus Bolig AS som gjeld sal av eigedomen Hellebakken 35 i Bergen for ein kjøpesum stor kr 45 mill.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.02.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt mellom Hordaland fylkeskommune og Markhus Bolig AS som gjeld sal av eigedomen Hellebakken 35 i Bergen for ein kjøpesum stor kr 45 mill.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt mellom Hordaland fylkeskommune og Markhus Bolig AS som gjeld sal av eigedomen Hellebakken 35 i Bergen for ein kjøpesum stor kr 45 mill.

PS 12/18 Nytt fylkeshus - kontorkonsept og lokalisering

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek eit aktivitetsbasert kontorkonsept for nytt fylkeshus, med føresetnader, som anbefalt i rapporten «Rapport om utvikling av kontorløyning for nytt fylkeshus», gitt av prosjektgruppa og styringsgruppa.
2. Fylkestinget vedtek at dagens fylkeshus i Agnes Mowinckels gate 5 skal vere framtidig lokalisering av fylkesadministrasjonen og politisk leiing i fylkeskommunen. Rådmannen bes komma attende til sak om finansiering og eigarskap av fylkeshuset i juni 2018.
3. Fylkestinget ber rådmannen setje i verk arbeidet med å finne aktuelle midlertidige lokalar for ein rehabiliteringsperiode. Hovudprinsippa for søk etter midlertidige lokalar er sentrumsnær plassering, god kollektivdekning, akseptabel leigepris, god nok kvalitet på lokala og i størst muleg grad samla administrasjon. Aktuelle leigeavtaler blir framlagt for fylkestinget til godkjenning.
4. Fylkesrådmannen får i oppdrag å programmere eit nytt fylkeshus i Agnes Mowinckels gate 5, i tråd med reguleringsplanen frå Bergen kommune og behov til brukarane. Programmering blir framlagt for fylkestinget til godkjenning.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 13.02.2018

Følgjande hadde ordet under ordskiftet:
Kjørmo AKAD, Steinseide FRP, Bjørkly H og Meyer UNIO.

Følgjande hadde ordet frå administrasjonen:
Fylkesdirektør Økonomi – og Organisasjonsavdelinga – Svendsen.
Leiar system og utvikling – Mæland.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.02.2018

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 5:

Fylkestinget vedtek at kontorkonseptet blir tilpassa den enkelte arbeidstakar sine arbeidsoppgåver og behov.»

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart vedteken som innstilling til fylkestinget mot 1 røyst (SV).
Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2, 3 og 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.
Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG, SV) og fall.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek eit aktivitetsbasert kontorkonsept for nytt fylkeshus, med føresetnader, som anbefalt i rapporten «Rapport om utvikling av kontorløyising for nytt fylkeshus», gitt av prosjektgruppa og styringsgruppa.
2. Fylkestinget vedtek at dagens fylkeshus i Agnes Mowinckels gate 5 skal vere framtidig lokalisering av fylkesadministrasjonen og politisk leiing i fylkeskommunen. Rådmannen bes komma attende til sak om finansiering og eigarskap av fylkeshuset i juni 2018.
3. Fylkestinget ber rådmannen setje i verk arbeidet med å finne aktuelle midlertidige lokalar for ein rehabiliteringsperiode. Hovudprinsippa for søk etter midlertidige lokalar er sentrumsnær plassering, god kollektivdekning, akseptabel leigepreis, god nok kvalitet på lokala og i størst muleg grad samla administrasjon. Aktuelle leigeavtaler blir framlagt for fylkestinget til godkjenning.
4. Fylkesrådmannen får i oppdrag å programmere eit nytt fylkeshus i Agnes Mowinckels gate 5, i tråd med reguleringsplanen frå Bergen kommune og behov til brukarane. Programmering blir framlagt for fylkestinget til godkjenning.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Leiar av system og utvikling i eigedomsavdelinga Merethe Mæland presenterte PS 12/18 «Nytt fylkeshus – kontorkonsept og lokalisering».

Tom Sverre Tomren, MDG, sette fram slikt forslag:

«Alternativt punkt 1
Fylkestinget vedtek eit kombinert kontorkonsept tilpassa den enkelte arbeidstakar sine arbeidsoppgåver og behov.»

Røysting

Tomren sitt forslag fekk 5 røyster (MDG, 1SV, R) og fall.
Innstillinga punkt 1 vart vedteke mot 5 røyster (MDG, 1SV, R).
Innstillinga punkt 2-4 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek eit aktivitetsbasert kontorkonsept for nytt fylkeshus, med føresetnader, som anbefalt i rapporten «Rapport om utvikling av kontorløyising for nytt fylkeshus», gitt av prosjektgruppa og styringsgruppa.
2. Fylkestinget vedtek at dagens fylkeshus i Agnes Mowinckels gate 5 skal vere framtidig lokalisering av fylkesadministrasjonen og politisk leiing i fylkeskommunen. Rådmannen bes komma attende til sak om finansiering og eigarskap av fylkeshuset i juni 2018.
3. Fylkestinget ber rådmannen setje i verk arbeidet med å finne aktuelle midlertidige lokalar for ein rehabiliteringsperiode. Hovudprinsippa for søk etter midlertidige lokalar er sentrumsnær plassering, god kollektivdekning, akseptabel leigepreis, god nok kvalitet på lokala og i størst muleg grad samla administrasjon. Aktuelle leigeavtaler blir framlagt for fylkestinget til godkjenning.
4. Fylkesrådmannen får i oppdrag å programmere eit nytt fylkeshus i Agnes Mowinckels gate 5, i tråd med reguleringsplanen frå Bergen kommune og behov til brukarane. Programmering blir framlagt for fylkestinget til godkjenning.

PS 13/18 Bompengereforma - overføring av garantiar til Ferde AS

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargarantiar overfor Ferde AS til følgjande prosjekt:

1. Bergensprogrammet / Bypakke Bergen
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 6 100 mill. kr (2017-kr).
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2037.
2. E39 Svevatjørn-Rådal
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 3 770 mill. kr (2017-kr)
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2038.
3. Austevollbrua
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 100 mill. kr.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2022.
4. Askøypakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 1 230 mill. kr (2017-kr).
Garantien dekkjer i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.02.2018

Kari Sørensen Bernardini (A) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er leiar i styret for Askøy Bompengeselskap AS. Bernardini gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. fylkesutvalet vedtok samrøystes at Kari Sørensen Bernardini (A) var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Kari Sørensen Bernardini gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargarantiar overfor Ferde AS til følgjande prosjekt:

1. Bergensprogrammet / Bypakke Bergen
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 6 100 mill. kr (2017-kr).
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2037.
2. E39 Sveгатjørn-Rådal
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 3 770 mill. kr (2017-kr)
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2038.
3. Austevollbrua
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 100 mill. kr.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2022.
4. Askøypakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 1 230 mill. kr (2017-kr).
Garantien dekkjer i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Følgjande representantar stilte spørsmål om dei var inhabile:

- Stein Inge Ryssdal, H, er styreleiar i Bergen Os Bompengeselskap.
- Roald Stenseide, Frp, er styreleiar i Askøy Bompengeselskap.
- Kari Sørensen Bernardini, A, er styreleiar i Askøy Bompengeselskap.
- Renate Møgster Klepsvik, Frp, er styremedlem i Austevoll Bruselskap.
- Anita Garlid Johannessen, Frp, er styremedlem i Austevoll Bruselskap.

Ryssdal, Stenseide, Bernardini, Klepsvik og Johannessen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Ryssdal, Stenseide, Bernardini, Klepsvik og Johannessen var inhabile etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Ryssdal, Stenseide, Bernardini, Klepsvik og Johannessen gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 52 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargarantiar overfor Ferde AS til følgjande prosjekt:

1. Bergensprogrammet / Bypakke Bergen
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 6 100 mill. kr (2017-kr).
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2037.
2. E39 Sveгатjørn-Rådal
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 3 770 mill. kr (2017-kr)
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2038.
3. Austevollbrua
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 100 mill. kr.

Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2022.

4. Askøypakken

Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 1 230 mill. kr (2017-kr).

Garantien dekkjer i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.

Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.

PS 14/18 Eigedom på Fløksand i Meland kommune - godkjenning av salsvilkår

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner at gnr 4 bnr 1, 25 og 63 i Meland kommune vert lagt ut for sal i den opne marknaden i samsvar med vedlagte opsjonsavtale og kjøpekontrakt.
2. Høgaste bod skal godkjennast av fylkesutvalet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.02.2018

Nils Marton Aadland (H) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er varamedlem i styret for Stiftinga Meland Golf & Naturpark. Han har møtt i styret. Aadland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Nils Marton Aadland var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Nils Marton Aadland gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV, KrF, A og Sp fram slikt forslag:

«Alternativ:

Før det vert tatt stilling til evt. sal av gnr. 4 bnr. 1, 25 og 63 i Meland kommune, vert fylkesrådmannen beden om å avklara om det kan vere aktuelt å løysa ut heile eller delar av strandområdet med tanke på allmenn tilgang til friluftsområde, og om Bergen og omland friluftsråd (BOF) kan vere aktuell gjennom bruk av ordninga for statleg sikring av friluftsområde.»

Røysting

Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget. Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Innstilling til fylkestinget

Før det vert tatt stilling til evt. sal av gnr. 4 bnr. 1, 25 og 63 i Meland kommune, vert fylkesrådmannen beden om å avklara om det kan vere aktuelt å løysa ut heile eller delar av strandområdet med tanke på allmenn tilgang til friluftsområde, og om Bergen og omland friluftsråd (BOF) kan vere aktuell gjennom bruk av ordninga for statleg sikring av friluftsområde.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Følgjande representantar stilte spørsmål om dei var inhabil:

- Nils Marton Aadland, H, varamedlem til styret i Meland Golf og Naturpark. Møtt på eitt møte.
- Jon Askeland, Sp, styremedlem i Bergen og Omland Friluftsråd.

Aadland og Askeland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkestinget vedtok samrøystes at Aadland og Askeland var inhabile etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Aadland og Askeland gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 55 representantar til stades.

Roald Stenseide, Frp, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget godkjenner at gnr 4 bnr 1, 25 og 63 i Meland kommune vert lagt ut for sal i den opne marknaden i samsvar med vedlagte opsjonsavtale og kjøpekontrakt.
2. Høgaste bod skal godkjennast av fylkesutvalet.»

Tom Sverre Tomren, MDG, sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3; jf. Stenseide sitt forslag:

Innan utløpet av opsjonsperioden, vert fylkesrådmannen beden om å avklara om det kan vere aktuelt å løysa ut heile eller delar av området med tanke på allmenn tilgang til friluftsområde, og om Bergen og omland friluftsråd (BOF) kan vere aktuell gjennom bruk av ordninga for statleg sikring av friluftsområde.»

Pål Kårbø, Frp, sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3; jf. Stenseide sitt forslag:

Innan utløpet av opsjonsperioden, vert fylkesrådmannen beden om å avklara om det kan vere aktuelt å løysa ut heile eller delar av strandområdet med tanke på allmenn tilgang til friluftsområde, og om Bergen og omland friluftsråd (BOF) kan vere aktuell gjennom bruk av ordninga for statleg sikring av friluftsområde.»

Røysting

Stenseide sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (SV).

Innstillinga fekk 3 røyster (SV) og fall.

Tomren sitt forslag fekk 10 røyster (SV, R, V, MDG) og fall.

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget godkjenner at gnr 4 bnr 1, 25 og 63 i Meland kommune vert lagt ut for sal i den opne marknaden i samsvar med vedlagte opsjonsavtale og kjøpekontrakt.
2. Høgaste bod skal godkjennast av fylkesutvalet.
3. Innan utløpet av opsjonsperioden, vert fylkesrådmannen beden om å avklara om det kan vere aktuelt å løysa ut heile eller delar av strandområdet med tanke på allmenn tilgang til friluftsområde, og om Bergen og omland friluftsråd (BOF) kan vere aktuell gjennom bruk av ordninga for statleg sikring av friluftsområde.

PS 15/18 Vurdering av framtidig behov for produksjonsskular

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek saka til orientering.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 30.01.2018

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Fylkestinget tek saka til orientering.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 06.02.2018

Tor Andre Ljosland (KrF) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget vurderer produksjonsskule som ein god alternativ opplæringsmodell og eit tilbakeførande tilbod som syter for fylkeskommunen sitt ansvar for store deler av gruppa av ungdom som er utanfor opplæring og arbeid.»

Røysting

Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget vurderer produksjonsskule som ein god alternativ opplæringsmodell og eit tilbakeførande tilbod som syter for fylkeskommunen sitt ansvar for store deler av gruppa av ungdom som er utanfor opplæring og arbeid.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.02.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vurderer produksjonsskule som ein god alternativ opplæringsmodell og eit tilbakeførande tilbod som syter for fylkeskommunen sitt ansvar for store deler av gruppa av ungdom som er utanfor opplæring og arbeid.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget vurderer produksjonsskule som ein god alternativ opplæringsmodell og eit tilbakeførande tilbod som syter for fylkeskommunen sitt ansvar for store deler av gruppa av ungdom som er utanfor opplæring og arbeid.

PS 16/18 Ny tilskotsordning for fagskulesektoren 2018

Forslag til innstilling

1. Endringane i tilskotsordninga for fagskulane vert teken til vitande.
2. Ramma for budsjett til fagskule vert oppretthalden i samsvar med årsbudsjett 2018.
3. Det vert ikkje gjort endringar i fondsreglane for Fagskolen i Hordaland i denne omgang.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 06.02.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Endringane i tilskotsordninga for fagskulane vert teken til vitande.
2. Ramma for budsjett til fagskule vert oppretthalden i samsvar med årsbudsjett 2018.

3. Det vert ikkje gjort endringar i fondsreglane for Fagskolen i Hordaland i denne omgang.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.02.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Endringane i tilskotsordninga for fagskulane vert teken til vitande.
2. Ramma for budsjett til fagskule vert oppretthalden i samsvar med årsbudsjett 2018.
3. Det vert ikkje gjort endringar i fondsreglane for Fagskolen i Hordaland i denne omgang.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Endringane i tilskotsordninga for fagskulane vert teken til vitande.
2. Ramma for budsjett til fagskule vert oppretthalden i samsvar med årsbudsjett 2018.
3. Det vert ikkje gjort endringar i fondsreglane for Fagskolen i Hordaland i denne omgang.

PS 17/18 Produksjonsskule og fylkeskommunal aktivitet på Hjeltnes

Forslag til innstilling

1. Det vert etablert døgkontinuerleg produksjonsskuledrift på Hjeltnes i samsvar med prosjektskisse og med oppstart frå hausten 2018. Permanent produksjonsskuledrift føreset eit årleg statleg tilskot på 9 mill. kr. Drift av produksjonsskule på Hjeltnes vert organisert som gjort greie for i saksframlegget. Opplæringsavdelinga og eigedomsavdelinga sitt budsjett må samla styrkast med om lag 5,8 mill. kr frå 2019.
2. Fylkestinget gir ei ekstraordinær budsjettløyving til oppstart i 2018 på til saman 2,8 mill. kr.
3. Fylkestinget løyver 18,2 mill. kr til investeringar på Hjeltnes i 2019. Inntekter frå sal av eigedom på Hjeltnes skal nyttast til nye investeringar på Hjeltnes.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 06.02.2018

Rosalind Fosse (FrP) sette fram slikt forslag:

- «1. Alternativ:
Utvalg for opplæring og helse er positiv til etablering av produksjonsskule, men finner ikke Hjeltnes som rett sted.
2. Utvalg for opplæring og helse anbefaler ut i fra dette at eiendommene på Hjeltnes legges ut for salg.
3. I den grad Ulvik herad har interesse for noen av eiendommene, bes rådmannen om å komme tilbake med dette.»

Tor Andre Ljosland (KrF) sette fram slikt forslag:

- «Nytt punkt 4:
Risikovurderinga i sak PS 23/18 må ferdigstillast (vedlegg 5) før endeleg handsaming i fylkestinget.»

Røysting

Fosse sitt forslag fekk 5 røyster-(Frp, H) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag med Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Det vert etablert døgkontinuerleg produksjonsskuledrift på Hjeltnes i samsvar med prosjektskisse og med oppstart frå hausten 2018. Permanent produksjonsskuledrift føreset eit årleg statleg tilskot på 9 mill. kr. Drift av produksjonsskule på Hjeltnes vert organisert som gjort greie for i saksframlegget. Opplæringsavdelinga og eigedomsavdelinga sitt budsjett må samla styrkast med om lag 5,8 mill. kr frå 2019.
2. Fylkestinget gir ei ekstraordinær budsjettløyving til oppstart i 2018 på til saman 2,8 mill. kr.
3. Fylkestinget løyver 18,2 mill. kr til investeringar på Hjeltnes i 2019. Inntekter frå sal av eigedom på Hjeltnes skal nyttast til nye investeringar på Hjeltnes.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 13.02.2018

Følgjande hadde ordet under ordskiftet:

Steinseide FRP, Bjørkly H, Meyer UNIO, Andersen PARAT, Bernardini A og Kvamme A hadde ordet under ordskiftet.

Følgjande frå administrasjonen hadde ordet:

Fylkesdirektør Økonomi og Organisasjonsavdelinga – Svendsen
Fylkesdirektør Opplæringsavdelinga – Heggheim.

Roald Steinseide (FRP) la fram følgjande forslag:

«1. Administrasjonsutvalget er positiv til etablering av produksjonsskole, men finner ikke Hjeltnes som rett sted».

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling ble vedtatt mot ei stemme frå FRP og ei stemme frå H.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.02.2018

Rosalind Fosse (FrP) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 1-3:

1. Fylkestinget er positiv til etablering av produksjonsskole, men finner ikke Hjeltnes som rett sted.
2. Fylkestinget anbefaler ut i fra dette at eiendommene på Hjeltnes legges ut for salg.
3. I den grad Ulvik herad har interesse for noen av eiendommene, bes rådmannen om å komme tilbake med dette.»

Røysting

Innstillinga frå utval for opplæring og helse vart lagt til grunn for røystinga.

Fosse sitt forslag fekk 5 røyster (Frp, H) og fall.

Innstillinga punkt 1, 2 og 3 fekk 10 røyster (V, MDG, SV, Sp, KrF, A) og vart vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 4 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Det vert etablert døgntkontinuerleg produksjonsskuledrift på Hjeltnes i samsvar med prosjektskisse og med oppstart frå hausten 2018. Permanent produksjonsskuledrift føreset eit årleg statleg tilskot på 9 mill. kr. Drift av produksjonsskule på Hjeltnes vert organisert som gjort greie for i saksframlegget. Opplæringsavdelinga og eigedomsavdelinga sitt budsjett må samla styrkast med om lag 5,8 mill. kr frå 2019.
2. Fylkestinget gir ei ekstraordinær budsjettløyving til oppstart i 2018 på til saman 2,8 mill. kr.
3. Fylkestinget løyver 18,2 mill. kr til investeringar på Hjeltnes i 2019. Inntekter frå sal av eigedom på Hjeltnes skal nyttast til nye investeringar på Hjeltnes.
4. Risikovurderinga i sak PS 23/18 må ferdigstillast (vedlegg 5) før endeleg handsaming i fylkestinget.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Rosalind Fosse (FrP) sette fram slikt forslag:

«1. Alternativ:

Utvalg for opplæring og helse er positiv til etablering av produkssjonskole, men finner ikke Hjeltnes som rett sted.

2. Utvalg for opplæring og helse anbefaler ut i fra dette at eiendommene på Hjeltnes legges ut for salg.

3. I den grad Ulvik herad har interesse for noen av eiendommene, bes rådmannen om å komme tilbake med dette.»

Aud Karin Oen, SV, sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Det vert sett på om det er mogleg å opna for elevar frå Sogn og Fjordane allereie ved første inntak.»

Det var 55 røysteføre under røystinga.

Røysting

Innstillinga vart vedteken mot 18 røyster (Frp, H).

Fosse sitt forslag fekk 18 røyster (Frp, H) og fall.

Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Vedtak

1. Det vert etablert døgntkontinuerleg produksjonsskuledrift på Hjeltnes i samsvar med prosjektskisse og med oppstart frå hausten 2018. Permanent produksjonsskuledrift føreset eit årleg statleg tilskot på 9 mill. kr. Drift av produksjonsskule på Hjeltnes vert organisert som gjort greie for i saksframlegget. Opplæringsavdelinga og eigedomsavdelinga sitt budsjett må samla styrkast med om lag 5,8 mill. kr frå 2019.
2. Fylkestinget gir ei ekstraordinær budsjettløyving til oppstart i 2018 på til saman 2,8 mill. kr.
3. Fylkestinget løyver 18,2 mill. kr til investeringar på Hjeltnes i 2019. Inntekter frå sal av eigedom på Hjeltnes skal nyttast til nye investeringar på Hjeltnes.
4. Risikovurderinga i sak PS 23/18 må ferdigstillast (vedlegg 5) før endeleg handsaming i fylkestinget.

PS 18/18 Oppdragsverksemd - organisering av ekstern kursverksemd

Forslag til innstilling

1. Dagens organisering av oppdragsverksemda ved dei vidaregåande skulane og fagskulen vert vidareført.
2. Rutinane for gjennomføring og oppfølging av oppdragsverksemda ved dei vidaregåande skulane og fagskulen vert oppdatert.
3. Fylkestinget ønskjer ein ny gjennomgang av organisering av oppdragsverksemda på dei vidaregåande skulane og fagskulane etter at Hordaland og Sogn og Fjordane er slått saman.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 30.01.2018

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

1. Dagens organisering av oppdragsverksemda ved dei vidaregåande skulane og fagskulen vert vidareført.
2. Rutinane for gjennomføring og oppfølging av oppdragsverksemda ved dei vidaregåande skulane og fagskulen vert oppdatert.
3. Fylkestinget ønskjer ein ny gjennomgang av organisering av oppdragsverksemda på dei vidaregåande skulane og fagskulane etter at Hordaland og Sogn og Fjordane er slått saman.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 06.02.2018

Emil Gadolin (A) sette frem eit tillegg til fylkesrådmannens innstilling:

«Ber om at reviderte retningslinjer for oppdragsverksemd vert lagt fram for utvalet.

Ber om at regler for fondsavsetning vert lagt fram for politisk handsaming.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Dagens organisering av oppdragsverksemda ved dei vidaregåande skulane og fagskulen vert vidareført.
2. Rutinane for gjennomføring og oppfølging av oppdragsverksemda ved dei vidaregåande skulane og fagskulen vert oppdatert.
3. Fylkestinget ønskjer ein ny gjennomgang av organisering av oppdragsverksemda på dei vidaregåande skulane og fagskulane etter at Hordaland og Sogn og Fjordane er slått saman.
4. Ber om at reviderte retningslinjer for oppdragsverksemd vert lagt fram for utval og opplæring og helse.
5. Ber om at reglar for fondsavsetjing vert lagt fram for politisk handsaming.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.02.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Dagens organisering av oppdragsverksemda ved dei vidaregåande skulane og fagskulen vert vidareført.
2. Rutinane for gjennomføring og oppfølging av oppdragsverksemda ved dei vidaregåande skulane og fagskulen vert oppdatert.
3. Fylkestinget ønskjer ein ny gjennomgang av organisering av oppdragsverksemda på dei vidaregåande skulane og fagskulane etter at Hordaland og Sogn og Fjordane er slått saman.
4. Ber om at reviderte retningslinjer for oppdragsverksemd vert lagt fram for utval og opplæring og helse.
5. Ber om at reglar for fondsavsetjing vert lagt fram for politisk handsaming.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Roald Stenseide, Frp, sette fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 4: (endringa er understreka)
Ber om at reviderte retningslinjer for oppdragsverksemd vert lagt fram for utval for opplæring og helse og fagskulestyret på vegen til fylkestinget.»

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.
Stenseide sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Dagens organisering av oppdragsverksemda ved dei vidaregåande skulane og fagskulen vert vidareført.
2. Rutinane for gjennomføring og oppfølging av oppdragsverksemda ved dei vidaregåande skulane og fagskulen vert oppdatert.
3. Fylkestinget ønskjer ein ny gjennomgang av organisering av oppdragsverksemda på dei vidaregåande skulane og fagskulane etter at Hordaland og Sogn og Fjordane er slått saman.
4. Ber om at reviderte retningslinjer for oppdragsverksemd vert lagt fram for utval for opplæring og helse og fagskulestyret på vegen til fylkestinget.
5. Ber om at reglar for fondsavsetjing vert lagt fram for politisk handsaming.

PS 19/18 Innbyggjarinitiativ Kråkenes - omgjering av kantstopp for buss til lomme

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tar ikkje stilling til fjerning av kantstopp langs Fv 287 Kråkenes no, men viser til at Statens vegvesen skal gjennomføre ei etterundersøking av tiltaket som skal avklare vidare status. Fylkestinget legg til grunn at spørsmålet om kantstopp eller lomme på Kråkenes vert handsama gjennom rullering av handlingsprogrammet for Miljøløftet.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.02.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (Frp).

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget tar ikkje stilling til fjerning av kantstopp langs Fv 287 Kråkenes no, men viser til at Statens vegvesen skal gjennomføre ei etterundersøking av tiltaket som skal avklare vidare status. Fylkestinget legg til grunn at spørsmålet om kantstopp eller lomme på Kråkenes vert handsama gjennom rullering av handlingsprogrammet for Miljøløftet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.02.2018

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget ber om at vidare utbygging/omstilling til kantstopp stilles i ro inntil det foreligger et datagrunnlag vedrørende ulykker og nesten-ulykker.
2. Det legges frem for utvalg for miljø og samferdsel egen sak vedrørende innbyggerinitiativet om å tilbakeføre kantstoppet til busslommer.»

Røysting

Framnes sitt forslag punkt 1 fekk 5 røyster (Frp, H) og fall.

Framnes sitt forslag punkt 2 fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Innstillinga fekk 10 røyster (V, MDG, SV, Sp, KrF, A) og vart vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tar ikkje stilling til fjerning av kantstopp langs Fv 287 Kråkenes no, men viser til at Statens vegvesen skal gjennomføre ei etterundersøking av tiltaket som skal avklare vidare status. Fylkestinget legg til grunn at spørsmålet om kantstopp eller lomme på Kråkenes vert handsama gjennom rullering av handlingsprogrammet for Miljøløftet.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget ber om at vidare utbygging/omstilling til kantstopp stilles i ro inntil det foreligger et datagrunnlag vedrørende ulykker og nesten-ulykker.
2. Det legges frem for utvalg for miljø og samferdsel egen sak vedrørende innbyggerinitiativet om å tilbakeføre kantstoppet til busslommer.»

Røysting

Framnes sitt forslag punkt 1 fekk 19 røyster (Frp, H) og fall.

Framnes sitt forslag punkt 2 fekk 7 røyster (Frp) og fall.

Innstillinga fekk 50 røyster (A, KrF, Sp, SV, R, V, MDG, H) og vart vedteken.

Vedtak

Fylkestinget tar ikkje stilling til fjerning av kantstopp langs Fv 287 Kråkenes no, men viser til at Statens vegvesen skal gjennomføre ei etterundersøking av tiltaket som skal avklare vidare status. Fylkestinget legg til grunn at spørsmålet om kantstopp eller lomme på Kråkenes vert handsama gjennom rullering av handlingsprogrammet for Miljøløftet.

PS 20/18 Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» og ber om at fylkesrådmannen set i verk arbeidet med innsatsområda.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere kva tiltak som må gjennomførast for at Hordaland skal bidra til at nasjonal jordvernmål vert realisert og ber fylkesrådmannen presentera forslag til tiltak i ei politisk sak.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 06.02.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» og ber om at fylkesrådmannen set i verk arbeidet med innsatsområda.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere kva tiltak som må gjennomførast for at Hordaland skal bidra til at nasjonal jordvernmål vert realisert og ber fylkesrådmannen presentera forslag til tiltak i ei politisk sak.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.02.2018

Geir Angeltveit (V) sette på vegner av V, H, Frp, MDG, KrF, Sp og A fram slikt forslag:

«Temaplanen vert sendt på høyring.»

Geir Angeltveit (V) sette på vegner av V fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Temaplanen må kommentera

- Utfordringa med monokultur og artsmangfald.
- Dyr skal haldast i miljø som gir god livskvalitet, og funksjonsfriske dyr skal vere ein føresetnad for all vekst i dyrehold i fylket. Dyr har ein eigenverdi, og handtering av dyr skal skje med omsorg og respekt for dyra sin eigenart.
- Det må kommenterast korleis ein kan integrera produksjon av fornybar fôrproduksjon til havs saman med landbruket.
- Nortura ønskjer auke i storfeproduksjonen nasjonalt i grovfôrområda. Med 2500 dyr per år.
 - Er det å flytta dagens produksjon over i andre område, eller samla auke i produksjonen? Korleis går indikasjonsmål om auken i kjøtproduksjonen overeins med klimamål om folkehelse mål om reduksjon av inntak av raudt kjøt?
- Innsatsmål for produksjon av grønnsaker må også innarbeidast. Det vert kommentert i planen som eit potensial, men lite meir.
- Korleis stillar dyrevernsorganisasjonar seg til ny teknologi som støthalsband på sau og andre utfordringar i planen.
- Klimamål i planen er utdatert, Noreg har sett mål om å bli klimanøytral innan 1. januar 2030, ikkje 2050.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Angeltveit sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Angeltveit sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Innstilling til fylkesutvalet

Temaplanen vert sendt på høyring.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.02.2018

Elizabeth Toft Erichsen (V) sette fram slikt forslag:

«Temaplanen vert sendt på høyring.»

Elizabeth Toft Erichsen (V) sette på vegner av V fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Temaplanen må kommentera

- Utfordringa med monokultur og artsmangfald.
- Dyr skal haldast i miljø som gir god livskvalitet, og funksjonsfriske dyr skal vere ein føresetnad for all vekst i dyrehold i fylket. Dyr har ein eigenverdi, og handtering av dyr skal skje med omsorg og respekt for dyra sin eigenart.
- Det må kommenterast korleis ein kan integrera produksjon av fornybar fôrproduksjon til havs saman med landbruket.
- Nortura ønskjer auke i storfeproduksjonen nasjonalt i grovfôrområda. Med 2500 dyr per år.
 - Er det å flytta dagens produksjon over i andre område, eller samla auke i produksjonen? Korleis går indikasjonsmål om auken i kjøtproduksjonen overeins med klimamål om folkehelsemål om reduksjon av inntak av raudt kjøt?
- Innsatsmål for produksjon av grønsaker må også innarbeidast. Det vert kommentert i planen som eit potensial, men lite meir.
- Korleis stillar dyrevernsorganisasjonar seg til ny teknologi som støthalsband på sau og andre utfordringar i planen.
- Klimamål i planen er utdatert, Noreg har sett mål om å bli klimanøytral innan 1. januar 2030, ikkje 2050.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (V) for Erichsen sitt forslag.

Erichsen sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» og ber om at fylkesrådmannen set i verk arbeidet med innsatsområda.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere kva tiltak som må gjennomførast for at Hordaland skal bidra til at nasjonal jordvernmål vert realisert og ber fylkesrådmannen presentere forslag til tiltak i ei politisk sak.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.02.2018

Fylkesordføraren la innstillinga frå utval for kultur, idrett og regional utvikling til grunn for saksbehandlinga.

Kari Bernardini (A) sette frem slikt forslag:

«Nytt punkt 3:

For å sikre god rekruttering og gode arbeidsforhold i landbruket er det viktig å jobbe mot sosial dumping.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Temaplanen vert sendt på høyring.»

Røysting

Tomren sitt forslag fekk 7 røyster (MDG, V, Frp, H) og fall.

Innstillinga fekk 8 røyster (SV, KrF, Sp, A) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Bernardini sitt forslag fekk 8 røyster (SV, KrF, Sp, A) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» og ber om at fylkesrådmannen set i verk arbeidet med innsatsområda.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere kva tiltak som må gjennomførast for at Hordaland skal bidra til at nasjonal jordvernmål vert realisert og ber fylkesrådmannen presentere forslag til tiltak i ei politisk sak.
3. For å sikre god rekruttering og gode arbeidsforhold i landbruket er det viktig å jobbe mot sosial dumping.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Geir Angeltveit, V, sette fram slikt forslag:

«Temaplanen for landbruk vert sendt ut på høyring.»

Det er 54 representantar til stades.

Røysting

Angeltveit sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Temaplanen for landbruk vert sendt ut på høyring.

PS 21/18 Framlegg til ny IT-strategi for Hordaland fylkeskommune 2018-2020

Forslag til innstilling

Fylkestinget sluttar seg til framlegget til IT-strategi for Hordaland fylkeskommune for åra 2018-2020.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.02.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget sluttar seg til framlegget til IT-strategi for Hordaland fylkeskommune for åra 2018-2020.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Det er 54 representantar til stades.

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget sluttar seg til framlegget til IT-strategi for Hordaland fylkeskommune for åra 2018-2020.

PS 22/18 Vedtektsendringer for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek reviderte vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.02.2018

Pål Kårbø (KrF) sette fram slikt forslag:

«Endring av vedtektene § 6.4 (endringa er understreka):

Dersom medlem i Ungdommens fylkesutval, kontrollkomiteen eller deltakere ved Ungdommens fylkesting/Ungdommens fylkesutval sine arrangement får informasjon om brot på vedtektenes § 6.1 skal dette meldast til fylkesadministrasjonen sitt varslingsutval etter diskusjon med Ungdommens fylkesutvals rådgjevar/sekretær, eller politisk kontaktperson. Desse sakene skal handsamast under taushet fram til endeleg konklusjon er fatta.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtek reviderte vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, med slik endring:

Vedtektene § 6.4:

Dersom medlem i Ungdommens fylkesutval, kontrollkomiteen eller deltakere ved Ungdommens fylkesting/Ungdommens fylkesutval sine arrangement får informasjon om brot på vedtektenes § 6.1 skal dette meldast til fylkesadministrasjonen sitt varslingsutval etter diskusjon med Ungdommens fylkesutvals rådgjevar/sekretær, eller politisk kontaktperson. Desse sakene skal handsamast under taushet fram til endeleg konklusjon er fatta.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget vedtek reviderte vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, med slik endring:

Vedtektene § 6.4:

Dersom medlem i Ungdommens fylkesutval, kontrollkomiteen eller deltakere ved Ungdommens fylkesting/Ungdommens fylkesutval sine arrangement får informasjon om brot på vedtektenes § 6.1 skal dette meldast til fylkesadministrasjonen sitt varslingsutval etter diskusjon med Ungdommens fylkesutvals rådgjevar/sekretær, eller politisk kontaktperson. Desse sakene skal handsamast under taushet fram til endeleg konklusjon er fatta.

PS 23/18 Reglement for mottak og registrering av gåver og andre fordelar for folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Reglement for mottak og registrering av gåver og andre fordelar for folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune» blir vedteken slik det ligg føre i vedlegg til saka.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 13.02.2018

Følgjande hadde ordet under ordsiftet:
Steinseide FRP og Andersen PARAT

Følgjande frå administrasjonen hadde ordet:
Fylkesdirektør Økonomi – og Organisasjonsavdelinga – Svendsen.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.02.2018

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Alle innvalde politikarar skal gjerast merksam på dette reglementet når nytt fylkesting vert konstituert.»

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.
Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. «Reglement for mottak og registrering av gåver og andre fordelar for folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune» blir vedteken slik det ligg føre i vedlegg til saka.
2. Alle innvalde politikarar skal gjerast merksam på dette reglementet når nytt fylkesting vert konstituert.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. «Reglement for mottak og registrering av gåver og andre fordelar for folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune» blir vedteken slik det ligg føre i vedlegg til saka.
2. Alle innvalde politikarar skal gjerast merksam på dette reglementet når nytt fylkesting vert konstituert.

PS 24/18 Ad. søknad om fratredelse av politiske verv i Hordaland fylkeskomme grunna flytting

Forslag til innstilling

1. Per Roald Hasborg får fritak frå verva som varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for miljø og samferdsel i tida 01.02.2018 og til den 31.01.2021.
2. For den tida Per Roald Hasborg har fritak gjer fylkestinget slikt val:
 - Varamedlem til utval for miljø og samferdsel:

Saksprotokoll i Valnemnda - 06.03.2018

Det var 10 representantar til stades.

Roald Kvamme (A) gjorde framlegg om fylgjande endring til innstillinga punkt 1:

«Per Roald Hasborg får fritak frå verva som varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for miljø og samferdsel for resten av denne valperioden.»

Benthe Bondhus (SP) gjorde framlegg om fylgjande varamedlem til utval for miljø og samferdsel.

1. Jon Larsgard (SP)
2. Alexander Fosse Andersen (SP)
3. Benthe Bondhus (SP)
4. Sara Hamre Sekkingstad (SP)

Røysting

Roald Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Benthe Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Per Roald Hasborg får fritak frå verva som varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for miljø og samferdsel for resten av denne valperioden.
2. For den tida Per Roald Hasborg har fritak gjer fylkestinget slikt val:
 - Varamedlem til utval for miljø og samferdsel:
 1. Jon Larsgard (SP)
 2. Alexander Fosse Andersen (SP)
 3. Benthe Bondhus (SP)
 4. Sara Hamre Sekkingstad (SP)

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Benthe Bondhus, Sp, sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesordførar:

«Ved neste fylkesutval ber ein om møte i fylkesvalstyret for å supplera varamannslister til fylkestinget.»

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesordføraren utan realitetsbehandling.

Vedtak

1. Per Roald Hasborg får fritak frå verva som varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for miljø og samferdsel for resten av denne valperioden.
2. For den tida Per Roald Hasborg har fritak gjer fylkestinget slikt val:
 - Varamedlem til utval for miljø og samferdsel:
 1. Jon Larsgard (SP)
 2. Alexander Fosse Andersen (SP)
 3. Benthe Bondhus (SP)
 4. Sara Hamre Sekkingstad (SP)

PS 25/18 Søknad om fritak frå fylkeskommunale verv

Forslag til innstilling

1. Representanten Kjetil Hestad vert fritaken frå verva som medlem i fylkestinget og medlem i utval for opplæring og helse for resten av valperioden 2015 – 2019.
2. For resten av valperioden 2015 - 2019 gjer fylkestinget slike val:
 - a. Medlem i fylkestinget etter opprykk:
.....
 - b. Som medlem i utval for opplæring og helse vert vald:
.....
 - c. Dersom selskapet ber om ei ny innstilling som styremedlem i Bergen-Os Bompengeselskap AS vert vald:
.....
 - d. Dersom selskapet ber om ei ny innstilling som styremedlem i Bømlo Vegselskap AS vert vald:
.....
 - e. Dersom selskapet ber om ei ny innstilling som leiar i Bømlo Vegselskap AS vert vald:
.....

Saksprotokoll i Valnemnda - 06.03.2018

Det var 10 representantar til stades.

Kari Sørensen Bernadini (A) sette fram slikt forslag:

- a. Medlem i fylkestinget etter opprykk: Torgeir Toppe (A)
- b. Som medlem i utval for opplæring og helse: Torgeir Toppe (A)
- c. Dersom selskapet ber om ei ny innstilling som styremedlem i Bergen-Os Bompengeselskap AS: Atle Kvåle (A)
- d. Dersom selskapet ber om ei ny innstilling som styremedlem i Bømlo Vegselskap AS: Synnøve Solbakken (A)
- e. Dersom selskapet ber om ei ny innstilling som leiar i Bømlo Vegselskap AS: Synnøve Solbakken (A)

Supplering av varamedlem til fylkestinget: Arthur Sjørusen

Supplering av varamedlem til utval for opplæring og helse: Mari Klokkerstuen Kjellesvik.

Røysting

Kari Sørensen Bernadini sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Representanten Kjetil Hestad vert fritaken frå verva som medlem i fylkestinget og medlem i utval for opplæring og helse for resten av valperioden 2015 – 2019.
2. For resten av valperioden 2015 - 2019 gjer fylkestinget slike val:
 - a. Medlem i fylkestinget etter opprykk: Torgeir Toppe (A)
 - b. Som medlem i utval for opplæring og helse vert vald: Torgeir Toppe (A)
 - c. Dersom selskapet ber om ei ny innstilling som styremedlem i Bergen-Os Bompengeselskap AS vert vald: Atle Kvåle (A)
 - d. Dersom selskapet ber om ei ny innstilling som styremedlem i Bømlo Vegselskap AS vert vald: Synnøve Solbakken (A)
 - e. Dersom selskapet ber om ei ny innstilling som leiar i Bømlo Vegselskap AS vert vald: Synnøve Solbakken (A)

Supplering av varamedlem til fylkestinget: Arthur Sjursen

Supplering av varamedlem til utval for opplæring og helse: Mari Klokkerstuen Kjellesvik.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Roald Kvamme, A, sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 2:

Setninga: «Supplering av varamedlem til fylkestinget: Arthur Sjursen» vert stroke.»

Røysting

Innstillinga med Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Representanten Kjetil Hestad vert fritaken frå verva som medlem i fylkestinget og medlem i utval for opplæring og helse for resten av valperioden 2015 – 2019.
2. For resten av valperioden 2015 - 2019 gjer fylkestinget slike val:
 - a. Medlem i fylkestinget etter opprykk: Torgeir Toppe (A)
 - b. Som medlem i utval for opplæring og helse vert vald: Torgeir Toppe (A)
 - c. Dersom selskapet ber om ei ny innstilling som styremedlem i Bergen-Os Bompengeselskap AS vert vald: Atle Kvåle (A)
 - d. Dersom selskapet ber om ei ny innstilling som styremedlem i Bømlo Vegselskap AS vert vald: Synnøve Solbakken (A)

- e. Dersom selskapet ber om ei ny innstilling som leiar i Bømlo Vegselskap AS vert vald: Synnøve Solbakken (A)

Supplering av varamedlem til utval for opplæring og helse: Mari Klokkestuen Kjellesvik.

PS 26/18 Administrasjonsutvalet - søknad om fritak/val av varamedlem

Forslag til innstilling

1. Tom-Charister Nilsen får fritak frå vervet som varamedlem til administrasjonsutvalet.
2. For den tida Tom-Charister Nilsen har fritak frå verv som varamedlem til administrasjonsutvalet, gjer fylkestinget slikt val:
 - a) Varamedlem til administrasjonsutvalet.....

Saksprotokoll i Valnemnda - 06.03.2018

Mona Røsvik Strømme (H) gjorde framlegg om Stein Inge Ryssdal (H) som varamedlem til administrasjonsutvalet.

Det var 7 representantar til stades.

Røysting

Mona Røsvik Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Tom-Charister Nilsen får fritak frå vervet som varamedlem til administrasjonsutvalet.
2. For den tida Tom-Charister Nilsen har fritak frå verv som varamedlem til administrasjonsutvalet, gjer fylkestinget slikt val:
 - a) Varamedlem til administrasjonsutvalet: Stein Inge Ryssdal (H)

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Tom-Charister Nilsen får fritak frå vervet som varamedlem til administrasjonsutvalet.
2. For den tida Tom-Charister Nilsen har fritak frå verv som varamedlem til administrasjonsutvalet, gjer fylkestinget slikt val:
 - a) Varamedlem til administrasjonsutvalet: Stein Inge Ryssdal (H)

PS 27/18 Ad. Søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune vår 2018

Forslag til innstilling

1. Ingrid Handeland får permisjon frå verv som varamedlem til fylkestinget, varamedlem til utval for miljø og samferdsel og varamedlem til Regionalt Næringsforum, styringsgruppa i tida 01.02.2018 – 31.07.2018.

2. For den tida Ingrid Handeland har permisjon gjer fylkestinget slike val:
 - a) Varamedlem til utval for miljø og samferdsel
 - b) Varamedlem til Regionalt Næringsforum, styringsgruppa
3. Dersom Stiftinga Fjelberg Prestegard ber Hordaland fylkeskommune om å oppnemne eit nytt varamedlem, gjer fylkestinget slikt val:

Saksprotokoll i Valnemnda - 06.03.2018

Det var 7 representantar til stades.

Anne Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag:

2. a) Varamedlem til utval for miljø og samferdsel: Anne Marit Buer (V)
 - b) Varamedlem til Regionalt Næringsforum, styringsgruppa: Elizabeth Toft Erichsen (V)
3. Dersom Stiftinga Fjelberg Prestegard ber Hordaland fylkeskommune om å oppnemne eit nytt varamedlem: Elizabeth Toft Erichsen.

Røysting

Anne Beth Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Ingrid Handeland får permisjon frå verv som varamedlem til fylkestinget, varamedlem til utval for miljø og samferdsel og varamedlem til Regionalt Næringsforum, styringsgruppa i tida 01.02.2018 – 31.07.2018.
2. For den tida Ingrid Handeland har permisjon gjer fylkestinget slike val:
 - a) Varamedlem til utval for miljø og samferdsel: Anne Marit Buer (V)
 - b) Varamedlem til Regionalt Næringsforum, styringsgruppa: Elizabeth Toft Erichsen (V)
3. Dersom Stiftinga Fjelberg Prestegard ber Hordaland fylkeskommune om å oppnemne eit nytt varamedlem, gjer fylkestinget slikt val: Elizabeth Toft Erichsen (V)

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Ingrid Handeland får permisjon frå verv som varamedlem til fylkestinget, varamedlem til utval for miljø og samferdsel og varamedlem til Regionalt Næringsforum, styringsgruppa i tida 01.02.2018 – 31.07.2018.
2. For den tida Ingrid Handeland har permisjon gjer fylkestinget slike val:
 - a) Varamedlem til utval for miljø og samferdsel: Anne Marit Buer (V)
 - b) Varamedlem til Regionalt Næringsforum, styringsgruppa: Elizabeth Toft Erichsen (V)
3. Dersom Stiftinga Fjelberg Prestegard ber Hordaland fylkeskommune om å oppnemne eit nytt varamedlem, gjer fylkestinget slikt val: Elizabeth Toft Erichsen (V)

PS 28/18 Oppnemning av medlem til representantskapet for Nasjonal digital læringsarena (NDLA)

Forslag til innstilling

Fylkestinget vel Xxxxx Xxxxxxx til medlem av representantskapet for Nasjonal digital læringsarena (NDLA) frå 1.4 2018. Som varamedlem vel fylkestinget Xxxxx Xxxxxxx.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 06.02.2018

Saka vart trekt av utvalsleiaren. Saka skal handsamast på møte i valnemnda 06.03.2018 og deretter i fylkestinget.

Saksprotokoll i Valnemnda - 06.03.2018

Det var 10 representantar til stades.

Kari Sørensen Bernadini (A) gjorde framlegg om Emil Gadolin (A) som medlem av representantskapet for Nasjonal digital læringsarena (NDLA).

Silja Ekeland Bjørkly (H) gjorde framlegg om Dan Stian Femoen (H) som varamedlem av representantskapet for Nasjonal digital læringsarena (NDLA).

Røysting

Kari Sørensen Bernadini sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Silja Ekeland Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vel Emil Gadolin (A) til medlem av representantskapet for Nasjonal digital læringsarena (NDLA) frå 1.4 2018. Som varamedlem vel fylkestinget Dan Stian Femoen (H)

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget vel Emil Gadolin (A) til medlem av representantskapet for Nasjonal digital læringsarena (NDLA) frå 1.4 2018. Som varamedlem vel fylkestinget Dan Stian Femoen (H).

PS 29/18 Plassering av bomstasjonar i Bergen sentrum

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget ber om at det blir etablert bomstasjonar i Småstrandgaten og på Strandkaaien for å fange opp trafikken over Torget.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 06.03.2018

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Det etableres bomstasjon på Torget i tråd med anbefalingen fra plan- og bygningsetaten i fagnotat datert 24.11.2017. Arbeidet iverksettes så raskt som mulig, med sikte på at stasjonen skal være i drift primo 2019.»

Røysting

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MGD, SV) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 11 røyster (A, Sp, KrF, H, V) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget ber om at det blir etablert bomstasjonar i Småstrandgaten og på Strandkaaien for å fange opp trafikken over Torget.

Saksprotokoll i fylkestinget - 06. og 07.03.2018

Roald Stenseide, Frp, sette fram slik protokollmerknad:

«Fremskrittspartiet er urolig for de kostnader som nye bomstasjoner vil medføre for innbyggere, pendlere og næringsliv. Fremskrittspartiet har og er derfor i mot alle disse nye bomstasjonene. Skal kommunen/fylkeskommunen bygge ut bybanen bør det ikke belastes bilistene.»

Tom Sverre Tomren, MDG, sette på vegner at MDG og SV fram slikt forslag:

«Alternativ:

Det etableres bomstasjon på Torget i tråd med anbefaling fra Plan- og bygningsetaten i Bergen kommune sitt fagnotat datert 24.11.2017. Arbeidet iverksettes så raskt som mulig, med sikte på at stasjonen skal være i drift primo 2019.»

Arild Borgen, R, sette fram slik protokollmerknad:

«Rødt er motstander av å finansiere kollektivtransporten med bompenger. Denne politikken legger til grunn at privatbilismen skal holde seg på et stabilt høyt nivå, og virker dermed mot sin hensikt om å redusere klimagassutslippene. Slik mister også større kollektivtransportprosjekter sin legitimitet. I denne sammenhengen viser Rødt til vår stemmegivning på Stortinget 20.12.2017 i saken om "Finansiering av bypakke Bergen i Hordaland" hvor Rødts representant foreslo at staten skal fullfinansiere bybanen.»

Det var 54 representantar til stades.

Røysting

Tomren sitt forslag fekk 7 røyster (MDG, SV, R) og fall.

Innstillinga fekk 42 røyster (H, KrF, Sp, V, A) og vart vedteke.

Vedtak

Fylkestinget ber om at det blir etablert bomstasjonar i Småstrandgaten og på Strandkaaien for å fange opp trafikken over Torget.

Protokollmerknad frå Fremskrittspartiet

Fremskrittspartiet er urolig for de kostnader som nye bomstasjoner vil medføre for innbyggere, pendlere og næringsliv. Fremskrittspartiet har og er derfor i mot alle disse nye bomstasjonene. Skal kommunen/fylkeskommunen bygge ut bybanen bør det ikke belastes bilistene.

Protokollmerknad frå Rødt

Rødt er motstander av å finansiere kollektivtransporten med bompenger. Denne politikken legger til grunn at privatbilismen skal holde seg på et stabilt høyt nivå, og virker dermed mot sin hensikt om å redusere klimagassutslippene. Slik mister også større kollektivtransportprosjekter sin legitimitet. I denne sammenhengen viser Rødt til vår stemmegivning på Stortinget 20.12.2017 i saken om "Finansiering av bypakke Bergen i Hordaland" hvor Rødts representant foreslo at staten skal fullfinansiere bybanen.